

ÅRSMELDING ANNUAL REPORT 2017

NORSK POLARINSTITUTT · NORWEGIAN POLAR INSTITUTE



Innhald · Content**Side · Page**

Forord	4
Mandat og finansiering	5
Forvaltningsstyremakt	5
Økonomi	6
Organisasjon og leiing	6
Rådgjeving og kartlegging	7
Forsking	12
Operasjon og logistikk	28
Markeringar og hendingar	31
Artiklar / Articles	34
Svalbard frå lufta – ei bildebok på kaffibordet <i>Svalbard from above – a coffee table photo-book</i>	34
SEAPOP avdekkjer endringar i sjøfuglsamfunnet på Svalbard <i>SEAPOP discovers changes in the seabird community in Svalbard</i>	36
Iselvane i Antarktis <i>Antarctica's rivers of ice</i>	38
Liestøl-symposiet: Integrering av feltmålingar, fjernregistrering og modellar over isbremassebalansen på Svalbard <i>The Liestøl Symposium: Integrating field measurements, remote sensing, and models of Svalbard glacier mass balance</i>	39
Kunsten å gjera kunnskap nyttig <i>The art of making knowledge useful</i>	41
Annual report 2017	44
Utgjevingar / NPI publications	62
Artiklar og publikasjonar 2017 / Articles and publications 2017	63

Norsk Polarinstitutt vert forkorta fleire stadar til NP i bilettekstene. I den elektroniske versjonen er det lenkja til publikasjonane som det vert referert til i publikasjonoversynet. / Please note that Norwegian Polar Institute is abbreviated to NPI in the Annual report and that captions are in English as well as Norwegian throughout the report. In the on-line version of this annual report, there are links to the papers referred to in the publication overview.

© Norsk Polarinstitutt 2017, Framsenteret, 9296 Tromsø


www.npolar.no

Redaktører/Editors: Elin Vinje Jenssen og/and Eva Therese Jenssen, NP/NPI

Design: Jan Roald, NP/NPI

Forside foto/Front cover photo: Jean-Baptiste Strobel

Trykk/Print: Bodoni AS, Bergen



Norsk Polarinstitutt held til i Framsenteret i Tromsø – eit nettverk av 20 institusjonar med kunnskap om nordområda. Instituttet har i tillegg medarbeidrarar stasjonerte i Ny-Ålesund og Longyearbyen på Svalbard og på Trollstasjonen i Dronning Maud Land i Antarktis. *The Norwegian Polar Institute is situated in Tromsø at the Fram Centre, a network of 20 institutions with specialist knowledge about the High North. In addition, the Institute has a personnel at offices in Ny-Ålesund and Longyearbyen in Svalbard, and at the Troll Research Station in Dronning Maud Land in Antarctica.* Kart/Map: Anders Skoglund, NP/NPI

Forord

Norsk Polarinstitutt har ein viktig rolle i norsk forsking og forvalting i Arktisk og Antarktis. I 2017 kom ei evaluering av polarforsking i regi av Noregs forskingsråd der norske polarforskjarar fekk gode skulsmål, med minst like god publisering og sitering som polarforskjarar frå andre nasjonar. Noreg kom ut som nr. 5 i forskingsomfang etter landa USA, Canada, England og Tyskland. Det synest eg vi skal vera stolte over.

Norsk Polarinstitutt får årleg tildelingsbrev frå Klima- og miljødepartementet, og vi innrettar oss å svara med ny kunnskip og rådgjeving i høve til nasjonale miljømål. Å løysa slike oppgåver krev først og fremst ein kompetent og dedikert stab, moderne infrastruktur, og ikkje minst langsiktige perspektiv i overvakningsprogram, forskingsprosjekt og rådgjevingsoppgåver.

Leveransane frå instituttet kjem frå ein engasjert og aktiv stab som har eit stort hjarte for organisasjonen og stolthet over å ha medverka til å få til Norsk Polarinstitutt her i Tromsø. Over 140 vitskapelege artiklar i velrenomerte tidsskrift i 2017, vitnar om dette. Våre post.doc's, mellombels engasjerte og fast tilsedde forskjarar har stått for ein stor del av publiseringa, og mykje av publiseringa i 2017 kjem frå N-ICE 2015-satsinga der FF *Lance* dreiv med isen nord av Svalbard i fem måneder.


Mykje ny kunnskip er skaffa og dokumentert i desse publikasjonane. Mellom anna er det vist at det er meir snø på havisen no enn tidlegare, og at dette gjer redusert isvekst, raskare smelting og oppbrekking. Havisdekket i det østlege Polhavet nord for Svalbard er redusert på grunn av varme som vert tilført frå atlantiske vassmassar under isen. Varmare hav gjev redusert overleving av polarlomvi. Mindre havis gjer at isbjørn strevar med å jakta etter favorittføda sel, og brukar meir tid på å finna mat ved koloniar av bakkehekkande fuglar. Vidare er det berekna 343 grønlandskval og 837 narkval i eit 53 000 km² stort område nord av Svalbard, langt fleire enn forventa.

Det må òg framhevest at det er levert godt på ei rekke tyngre og omfattande oppgåver innan miljørådgiving, dataforvalting, kartproduksjon, operasjon og logistikk i polarområda, og dessutan ei aktiv formidling, og på gode administrative tenester for å få det heile til å gå rundt.

Det er mellom anna rapportert langt betra kunnskapar om økologi og forekomstar av ulike artar i iskantsona. Det er og levert eit kunnskapsgrunnlag for forvaltingsplana for Sentral-Spitsbergen, og ei rekke dokument til traktatmøte for Antarktis er utarbeidd. Tilsette har medverka til oppdateringa av SWIPA (Snow, Water, Ice and Permafrost in the Arctic) - og AAC (Adaption Actions for a Changing Arctic) - rapportane under Arktisk råd. Som del av miljøsamarbeidet med Russland, er det laga rapport om data-grunnlaget for kartfesting av verdifulle område i heile Barentshavet. Eit nytt georeferert, digitalisert kart for Dronning Maud Land er laga i målestokken 1:250 000, og GIS-pakken Quantartica som inneholder programvare, basiskart og vitskapelege geodata frå Antarktis er utarbeidd. Mange tokt, feltparti og prosjekt har fått logistikkstøtte i Arktis og Antraktis.

Administrativt er Norsk Polarinstitutt del av utviklinga av eit moderne Noreg med heilsakleg IKT-drift, områdegjennomgang og DFØ-systemet. Spesielt må det nemnast at vi har fått på plass ein sikkerheitsorganisasjon i løpet av 2017, og har fokus på både informasjonstryggleik og førebyggande sikkerheit.

Men 2017 har òg på mange måtar vore «plaståret», og Norsk Polarinstitutt har vist seg relevant og framoverlena i den samanheng, nasjonalt og internasjonalt. Forskinga i Ny-Ålesund viser at dei fleste havhestane der no har plast i magen. Slik kan det ikkje halda fram, det må internasjonale avtalar til for å avgrensa plastbruken. Norsk Polarinstitutt har assistert klima- og miljøministeren fleire gonger, mellom anna under FN's havkonferanse i New York i juni og toppmøtet i Nairobi i november, der agenda-



en har vore internasjonalt samkvem for å få bukt med plastproblemene til havs.

Heilt sidan tidleg på 1980-talet har *Lance* vore i Norsk Polarinstitutt si teneste, og instituttet har hatt eigarskap til båten sidan 1996. Båtar varer ikkje evig, og vi fekk til ein verdig avskjed med *Lance* når ho kom frå siste tokt i vår regi i oktober. Vi ynskjer reiarlag og nye eigarar av båten lukke til framover.


På årets siste dag segla det som skal verta Polarinstututtets nye fartøy, FF *Kronprins Haakon*, inn til Bergen. Ferdigstilling, testing og overlevering av dette høgteknologiske isgående fartøyet vil skje i løpet av første halvår 2018. Båten skal eigast av Norsk Polarinstitutt, drivast av Havforskningsinstituttet og ha UiT - Noregs arktiske universitet som største brukar. Heimehavna til skipet vert Tromsø.

I løpet av vinteren 2017 vart prosessen med å finna ny direktør til Norsk Polarinstitutt avslutta, og underteknna vart utnemnt i stillinga i Statsråd 5. april 2017. Jan-Gunnar Winter vart i juni behørig takka av for å ha fullført to åremål som direktør for Norsk Polarinstitutt.

Hausten 2017 gjennomførde eg «speed date» med omlag 150 medarbeidarar, og kjernen i svara på korleis det har vore å arbeida i Norsk Polarinstitutt er nettopp glede over arbeidet og stolthet over å ha vore med å utvikla instituttet. Eg ser fram til å vere med å byggja vidare på dette engasjementet og ikkje minste kunnskapen som finst her i Polarinstituttet.

Ole Arve Misund

Direktør



Mandat og finansiering

Norsk Polarinstitutt er eit direktorat under Klima- og miljødepartementet som driv naturvitkapeleg forsking, kartlegging og miljøovervaking i Arktis og Antarktis. Instituttet er fagleg og strategisk rådgjevar for staten i polarspørsmål, representerer Noreg internasjonalt i fleire samanhengar og er Noregs utøvande miljøstyremakt i Antarktis. Klima, miljøgifter, biologisk mangfald og geologisk og topografi kartlegging er viktige arbeidsfelt for instituttet. Det same er overvaking av naturmiljøet i polarområda, samarbeid med Russland og sirkumpolar samarbeid i Arktis og Antarktis.

Feltarbeid og datainnsamling har alltid vore viktig for Polarinstituttet, gjennom til dømes undersøkingar av isbjørn ved Svalbard, iskjerneboringer i Arktis og Antarktis og målingar av havis i Polhavet. Instituttet utstyrer og organiserer òg store ekspedisjonar. Klima- og miljødepartementet gjev rammer og oppdrag for verksemda, i samråd med dei andre miljøstyremaktene. I tillegg har instituttet oppdrag med finansiering mellom anna gjennom andre departement, miljøinstitusjonar, forskingsinstitusjonar, Noregs forskingsråd og EU. Innanfor forsking er [Senter for is, klima og økosystem](#) (ICE) ein del av instituttet som driv intensivert arbeid på klima- og økosystem i polarområda, spesielt i nord.

Polarinstituttet representerer Noreg i fleire internasjonale forum og har samarbeid med ei rekke forskingsinstitutt verda over. Resultat frå forskings- og overvakingsprosjekt vert formidla inn til statsforvaltninga, samarbeidspartnarar, internasjonale forvaltningsprosessar, fagmiljø, skuleverket og allmenta. Utstillinger, bøker, rapportar og eit vitskapeleg tidsskrift, Polar Research, vert produserte og utgjevne av instituttet.

Polarinstituttet har røter tilbake til vitskapelege ekspedisjonar til Svalbard i 1906–07; dei var direkte forløparar til opprettингa i 1928. Instituttet er lokalisert i Framsenteret i Tromsø – eit nettverk av 20 institusjonar med kunnskap om nordområda. Instituttet har i tillegg medarbeidarar stasjonerte i Ny-Ålesund og Longyearbyen på Svalbard og på Trollstasjonen i Dronning Maud Land i Antarktis.

Forvalningsstyremakt

Informasjons- og kunnskapsutvikling om miljøtilstand, påverknad og utvikling innanfor det geografiske verkeområdet vårt er grunnlaget for verkemiddelbruken. Kunnskapen vert levert mellom anna som innspel til prosessane hos sektorstyremaktene og i internasjonalt samarbeid både i nord og i sør. Både i Arktis og Antarktis er kunnskapsutviklinga basert på aktiv forsking, eigne miljøovervakingsprogram og utgreiingsarbeid der kunnskapsproduksjon ved andre institutt vert trekt inn. Gjennom å vera ein aktiv bidragsytar i pågående prosesser og diskusjonar innanfor ramma av Arktisk råd og antarktistraktatsystemet er Norsk Polarinstitutt med på å vidareutvikla og fastsetja nye verkemiddel på grunnlag av ny kunnskap og generell politikkutvikling.

Norsk Polarinstitutt har ikkje forvalningsstyremakt i nord. Måloppnåinga er avhengig av verkemiddel som vert forvalta av andre styremakter. I sør er instituttet forvalningsstyremakt etter forskrift av 26. april 2013 nr. 412 om miljøvern og tryggleik i Antarktis (antarktisforskrifta). Antarktisforskrifta gjennomfører miljøprotokollen etter Antarktistraktaten og stiller strenge krav til miljøtryggleik og tryggleik for liv og helse ved aktivitetar som skal utførast i Antarktis. Polarinstituttet har mynde til å påleggja endringar i, utsetja eller forby aktivitetar dersom dei er i strid med regelverket. I tillegg skal instituttet føra tilsyn med at regelverket vert overhalde.

For Bouvetøya gjeld eigne forskrifter. Etter desse forskriftene er Norsk Polarinstitutt delegert mynde frå Klima- og miljødepartementet til å gje løyve til bruk av terrenggåande køyretøy og landing med luftfartøy, og til å dispensera frå andre føresegner i samband med forsking eller andre, særlege tiltak.

Det har vore avgrensa kor mange saker instituttet har handsama etter desse forskriftene i løpet av 2017. I 2015 melde Polarinstituttet eit brot på regelverket for Antarktis. Påtalestyremakta tok ut tiltale i saka, og denne vart handsama av tingretten i første halvåret 2016. Tiltalte vart frifunnen. Påtalestyremakta anka saka inn for lagmannsretten, som hadde ankesaka føre i april 2017. Tiltalte vart domfelt i lagmannsretten og anka til Høgsterett, som nekta anken fremja i august 2017.

Økonomi

Inntekter rapportert til bevilningsregnskapet	Note	2017	2016
Innbetalinger fra tilskudd og overføringer	1	77 522 867	70 741 143
Sum salgs- og leieinnbetalinger		6 189 217	6 988 160
Sum andre innbetalinger		19 957 570	20 555 731
Sum innbetalinger		103 669 654	98 285 034
Driftsutgifter rapportert til bevilningsregnskapet			
Utbetalinger til lønn og sosiale utgifter		138 852 316	120 449 080
Andre utbetalinger til drift		159 936 814	172 240 959
Sum utbetalinger		298 789 130	292 690 039
Netto rapporterte utgifter til drift og investeringer	2	195 119 476	194 405 005
Investerings- og finansutgifter rapportert til bevilningsregnskapet			
Utbetalning til investeringer		35 617 282	22 517 137
Utbetalning av finansutgifter		5 951	932
Sum investerings- og finansutgifter		35 623 233	22 518 069
Inntekter og utgifter rapportert på felleskapitler			
Gruppelvfoersikring		247 872	235 846
Arbeidsgiveravgift		7 841 334	6 832 361
Nettoforingsordning for merverdiavgift		4 939 456	4 991 678
Netto rapporterte utgifter på felleskapitler		-3 149 750	-2 076 529
Netto utgifter rapportert til bevilningsregnskapet		227 592 959	214 846 545


Note 1

Inntekt fra tilskudd og overføringer	2017	2016
Eksterne midler - Norges Forskningsråd (NFR)	-26 909 260	-29 295 267
Eksterne midler-andre statlige virksomheter	-36 833 775	-29 895 045
Eksterne midler EU	-3 032 805	-1 088 801
Eksterne midler-organisasjoner og stiftelser	-7 034 027	-6 529 030
Eksterne midler-næringsliv og private	-3 713 000	-3 933 000
Sum inntekt fra tilskudd og overføringer	-77 522 867	-70 741 143


Note 2

Andel Antarktis	2017	2016
Utgifter Antarktis	81 598 919	82 487 251
Inntekter Antarktis	22 328 994	20 105 455
Andel netto utgifter Antarktis	59 269 925	62 381 796

Utgifter og utbetalinger 2017 i %



Inntekter/innbetalinger 2017 i %



Regnskap 2017	2017	% andel
Utgifter		
Lønn/sos.utgifter	138 852 316	41,5
Andre utbetalinger til drift	159 936 814	47,8
Investeringer	35 617 282	10,7
Finansutgifter	5 951	0,0
Sum utgifter	334 412 363	100,0
Inntekter / Bevilning		
	2017	% andel
Innbetalinger fra tilskudd og overføringer	77 522 867	74,8
Sum salgs- og leieinnbetalinger	6 189 217	6,0
Sum andre innbetalinger	19 957 570	19,3
Sum inntekter	103 669 654	100,0



Leiinga ved Polarinstituttet i 2017, frå venstre./Norwegian Polar Institute Management 2017, first left: Geir Andersen, Ingrid Berthinussen, Kim Holmén, Ole Arve Misund, Nalân Koç, Gunn Sissel Jaklin, Eva Therese Jenssen og/and John Guldahl.
Foto/Photo: Stig Mathisen, NP/NPI

Organisasjon og leiing

Norsk Polarinstitutt hadde 170 tilsette (inkludert åremålstilsette og mellombelse engasjement) ved utgangen av 2017, frå 23 nasjonar.

Leiinga ved instituttet består av: direktør Ole Arve Misund og direktørane for avdelingane Administrasjon / assisterande direktør (Geir Andersen), Forsking (Nalan Koç), Miljø og kart (Ingrid Berthinussen), Operasjon og logistikk (John E. Guldahl) og Kommunikasjon (Gunn Sissel Jaklin). I tillegg er internasjonal direktør / stab (Kim Holmén) medlem av leiargruppa. Leiar for ICE (Harald Steen) rapporterer jamleg til gruppa.

Instituttet har likestillingsskontakt, arbeidsmiljøutval (AMU) og informasjon, drøfting og forhandlingsutval (IDF). Det vert arbeidd kontinuerleg med helse, miljø og tryggleik (HMT), spesielt mot risikoområda felt- og toktverksemd.

Rådgjeving og kartlegging



Heilskapleg forvaltning av miljøverdiar knytte til det antarktiske kontinentet er viktige oppgåver for Polarinstituttet, mellom anna sårbaranalyse på ilandstigingslokalitetar for turistar. Dette biletet av turistar er frå Danco Island på Antarktishalvøya. *Comprehensive management of environmental assets connected to the Antarctic continent constitutes important tasks for the NPI, including vulnerability analysis of debarkation locations for tourists. This photograph of tourists is from Danco Island in the Antarctic peninsula.*

Foto/Photo: Øystein Overein, NP/NPI

Forvaltningsprosessar i Antarktis

Norsk Polarinstitutt deltek i arbeid som gjev grunnlag for heilskapleg forvaltning av miljøverdiar knytte til det antarktiske kontinentet. I 2017 medverka vi inn i fleire prosessar som er relevante for økosystemet og vidareføring av økosystemtenester, mellom anna vurdering av Important Bird Areas (IBA) opp mot verneområdesystemet, utvikling av metodikk for sårbaranalyse på ilandstigingslokalitetar for turistar, utvikling av forvaltningsverktøy for verne- og forvaltningsområdesystemet og iverksettjing av klimahandlingsplan.

Rapport om iskantsona

I 2017 vart rapporten om iskantsona levert til Fagleg forum, som er ei rådgjevande gruppe i arbeidet med heilskapleg og økosystembasert havforvaltning. Denne prosessen var leia av Norsk Polarinstitutt. Rapporten viser at vi no har betre kunnskap om økologi, inklusive interaksjonar og førekostst av artar i iskantsona. Oppdaterte bestandtal om nokre artar vert presenterte i rapporten. Vidare er det òg brukt modellar med fleire komponentar, både fysiske og biologiske, enn ved tidlegare utgreiingar av det faglege grunnlaget. Rapporten om iskantsona markerte òg oppstart av prosessen med å gjera rede for miljøverdiar i og fysisk plassering av polarfronten, der instituttet deltek.

Forvaltningsplanen for Sentral-Spitsbergen

I april leverte Norsk Polarinstitutt kunnskapsgrunnlaget for forvaltningsplanen for Sentral-Spitsbergen. Dette inneber samanstilling og vurdering av tilgjengeleg kunnskap frå dette området innanfor mellom anna flora og fauna, geologi og klima, og dessutan ei vurdering av kva ulike typar aktivitetar som påverkar natur og miljø i områda.

Isbjørnforvaltning

I 2017 deltok Norsk Polarinstitutt i det første møtet med Russland i det nyetablerte bilaterale isbjørnforumet. Vidare leia og deltok vi med faglege innspel i arbeidet under IUCNs Polar Bear Specialist Group ([PBSC](#)), som er den vitskapelege rådgjevaren til partane i isbjørnavtala. Arbeidet i PBSC medverka mellom anna til å gjennomføra den sirkumpolare handlingsplanen for isbjørn. I 2017 vart det sett i gang eit arbeid med å gjennomgå prosess og metodikk for vurdering av status og trend for dei ulike delbestandane av isbjørn. Vi leverte òg eit forslag til heilskapleg overvakings- og forskningsprogram for isbjørn, inkludert kostnader og finansiering, til Klima- og miljødepartementet og Miljødirektoratet.

Ansvarsartar

Norsk Polarinstitutt medverka med å auka den samla kunniskapen om «ansvarsartar» (rødlisterartar, haustbare artar, framande artar og isbjørn) på Svalbard, som grunnlag for vidare forvaltning.

I 2017 leverte vi ein rapport til Miljødirektoratet om dei rødlista sjøfuglartane og marine pattedyrtartane på Svalbard. Her presenterte vi status, kunnskapshø og forslag til tiltak for å fylla kunnskapshøla. Innanfor JAV-3 (Noreg–Russland-samarbeidet) og programmet til Noregs forskingsråd, ICE-whales, jobba vi spesielt med indikatorar for isavhengige sjøpattedyr og trua/sårbar artar (kvalross og grønlandsval).

Arbeidet med haustbare artar vart vidareført i 2017, i høg grad gjennom overvakingsprogramma våre på rype, rev, reinsdyr og ringsel, men òg via eit program frå Noregs forskingsråd, «SUSTAIN», og ulike prosjekt finanserte av Svalbard miljøvern-fond.



Fjellrev er ein av artane som NP overvaker på Svalbard. Her ser vi eit eksemplar, i farta med eit bytte i munnen./*The Arctic fox is one of the species that the NPI is monitoring in Svalbard. Here is one of them, albeit speeding by with its prey in its mouth.* Foto/Photo: Bjørn Frantzen, NP/NPI

Vi jobba vidare med framande artar med hovudvekt på kartlegging og overvaking av karplanter. Utvalde fuglefjell er kartlagde på oppdrag frå Sysselmannen for å følgja opp handlingsplan mot framande artar, Barentsburg og Pyramiden er besøkte att, og det er teke prøver av veksttilhøve for framande planter. Det vart levert ein sluttrapport til Sysselmannen om framande artar i Pyramiden og Barentsburg.

Arktisk råd

Norsk Polarinstitutt deltek i arbeidet til Arktisk råd spesielt retta mot klimaendringar, tilpassing til endringar i Arktis og økosystembasert forvaltning. Vidare deltek vi i arbeidsgruppene til [AMAP](#) (Arctic Monitoring and Assessment Programme), [PAME](#) (Protection of the Arctic Marine Environment) og [CAFF](#) (Conservation of Arctic Flora and Fauna), og vi medverka i fleire rapportar, mellom anna rapportane frå [SWIPA](#) og [AAC](#) som vart leverte under ministermøtet i Arktisk råd i 2017.

Vi deltok òg med ein representant i arbeidet med den bindande avtala, [Agreement on Enhancing International Scientific Cooperation](#). Avtala skal fremja vitskapeleg forsking i Arktis gjennom å leggja til rette for samarbeid, og ho vart underteikna under ministermøtet.

Norsk Polarinstitutt er sterkt inne i leiinga av AMAP med avdelingsdirektør Ingrid Berthinussen, som i 2017 vart oppnemnd som ny styreleiar.

Miljøsamarbeidet Noreg–Russland

2017 var eit aktivt år for dei norsk-russiske havmiljøprosjekta JAV-1, JAV-2 og JAV-3, som alle er leia av Norsk Polarinstitutt.

Under prosjektet JAV-1 har vi, saman med Miljødirektoratet, Strålevernet og Havforskningsinstituttet, jobba med å samanlikna korleis norske og russiske fagmiljø identifiserer verdifulle marine område i heile Barentshavet. Ein rapport om status for første delen av dette arbeidet vart ferdigstilt i 2017, i eit samarbeid mellom Akvaplan-niva AS og russiske MMBI.

I JAV-2-prosjektet har instituttet, saman med Havforskningsinstituttet og Rusgeo, vidareført det faglege arbeidet med å halda den felles norsk-russiske miljøstatusrapporten for Barentshavet oppdatert. WGIBARs rapport for 2017 vart lansert, og Annex 5: «The state and trends of the Barents Sea in 2016» i rapporten vart tilrettelagt for publisering på nettstaden [Barentsportal](#). Vidare vart det gjennomført mindre omfattande oppdateringar av felles norsk-russisk utgreining av miljøsituasjonen i heile Barentshavet, og det engelske tekstgrunnlaget er omsett til russisk. I løpet av året gjennomførte prosjektet oppdateringar av publiseringstøyet som gjev portalen eit meir moderne visuelt inntrykk, større funksjonalitet og auka tryggleik.

JAV-3-prosjektet har arbeidd med å få på plass ei ramme for felles norsk-russisk overvaking av artar og bestandar i Barentshavet. Milestolpar hittil er mellom anna semje om 22 felles indikatorar for miljøovervaking. I 2017 jobba prosjektet spesielt med indikatorar for isavhengige sjøpattedyr og trua og sårbar artar.

SWIPA-rapporten med nye klimadata

Nye klimamålingar tyder på at tidlegare berekningar frå FNs klimapanel om havnivåstigning er for moderate. Dette kom fram i [SWIPA-rapporten](#) (Snow, Water, Ice, Permafrost in the Arctic) som vart lagd fram i USA våren 2017, og publisert av AMAP hausten 2017. Forskarar og rådgjevarar frå Norsk Polarinstitutt og ei rekke andre land og institusjonar medverka med data og kunnskap som låg til grunn for rapporten, som er ei oppdatering av den første SWIPA-rapporten frå 2011. Det var hovudsakleg tre konsekvensar som vart trekte fram: Polhavet kan for det meste vera fritt for havis om sommaren frå år 2030. Den nylege forståinga av fleire smelteprosessar som påverkar arktiske og antarktiske isbrear og isdekket tyder på at tidlegare estimat frå FNs klimapanel (IPCC) om havnivåstigning er for låge, og endringar i Arktis kan få konsekvensar for vêret på midtre breiddegradar og påverka Sørøst-Asia-monsunen.

Overvaker polarområda

Overvakingsprogram i regi av Norsk Polarinstitutt medverka med kunnskap om dyr og natur i Arktis og Antarktis. I 2017 samla instituttet inn data for ei rekke marine og terrestriske økosystemkomponentar. Frå marine miljø samla vi inn data frå oseanografi, havnivå, havis, planteplankton, dyreplankton, [kvalross](#), observasjonsprogram og akustisk overvaking av kvalar, sel og støy, sjøfuglane [havhest](#), [ærflugl](#), [storjo](#), [krykkje](#), [polarmåke](#), [ismåke](#), [lomvi](#), [polarlomvi](#) og [alkekonge](#), [isbjørn](#) og isbremmen Fimbulisen i Antarktis. Frå terrestriske miljø skaffa vi overvakingsdata frå isbrear, [svalbardrein](#), [fjellrev](#) og [svalbarddrype](#).



25 år med miljøvernsamarbeid mellom Noreg og Russland vart markerte i Oslo i 2017. Frå NP deltok sjøfuglforskar Hallvard Strøm (t.h), seniorrådgjevar Nina Mari Jørgensen og seniorrådgjevar John Richard Hansen, her avbilda med russiske kollegaer under markeringa./*25 years of cooperation on environmental protection between Norway and Russia was celebrated in Oslo in 2017. From the NPI, seabird researcher Hallvard Strøm (right), senior advisor Nina Mari Jørgensen and senior advisor John Richard Hansen were in attendance, pictured here with Russian colleagues during the celebrations.* Foto/Photo: Maria Gavrilova, Russian Arctic National Park

25 år med havsamarbeid i nord

25 år med [miljøvernsamarbeid mellom Noreg og Russland](#) vart fortent markerte i Oslo våren 2017. Ein delegasjon på over 40 representantar frå russiske og norske statlege og regionale styresmakter og institutt, deriblant Norsk Polarinstitutt, var til stades på markeringa som vart leia av klima- og miljøminister Vidar Helgesen. I samarbeidet ligg eit gjensidig ansvar for å sikra felles bestandar av fugl, fisk og pattedyr som lever i Barentshavet. Samarbeidet om miljøvernansvaret skjer innanfor den norsk-russiske miljøvernkommissjonen og fiskerkommisjonen.

SEATRACK

[SEATRACK](#)-programmet kartlegg arealbruken til norske sjøfuglar utanfor hekkesesongen og følgjer fuglebestandar frå nabolanda våre som kjem inn i norske havområde. Dette vert gjort ved kvart år å setja lysloggarar på meir enn 2000 fuglar fordelt på 11 artar frå meir enn 30 hekkekoloniar i Noreg, Russland, Island, Færøyane og Storbritannia. Vidare vert fuglane følgde over fleire år. Prosjektet vert leia av Norsk Polarinstitutt, i samarbeid med NINA og Miljødirektoratet. I 2017 vart i overkant av 2000 loggar festa på fuglar og 1295 loggar samla inn. Data for åra 2014–2017 er prosesserte, og tilgjengelege på [heimesida](#) for prosjektet.

COAT

[COAT](#) er eit klimaøkologisk observasjonssystem for den arktiske tundraen. Føremålet er å avdekka korleis klimaendringane påverkar næringsnettet på tundraen, og medverka til rasjonell naturforvaltning. Konseptuelle modellar er grunnleggjande for verksemda i COAT. Desse modellane rettleiar kva som skal overvakast og korleis – og kan inkludera forvaltingstiltak. Dei rettleiar òg korleis statistiske modellar for å estimera og predikera klimaeffektar baserte på overvakingsdata skal spesifiserast. Eit viktig prinsipp i COAT er at heile programmet skal vera tilpassingsdyktig (adaptivt). Det er UiT - Noregs arktiske universitet som leiar COAT, mens COAT Svalbard vert leia av Norsk polarinstitutt. COAT er no i ein oppstartsfasa. I løpet av 2016–2020 vert det etablert forskingsinfrastruktur for adaptiv økosystemovervaking på Svalbard. Den eksisterande naturovervakinga på Svalbard skal integrerast med nye tidsseriar og den økologiske overvakinga samordnast med overvaking av klima. COAT vil vera ein viktig brukar og leverandør av tidsseriane som ligg i [MOSJ](#) (Miljøovervaking Svalbard og Jan Mayen).

GIS-database for Dronning Maud Land

Norsk Polarinstitutt starta eit kartsamanstillingsprosjekt i 2014, der målet var å byggja opp ein digital, geologisk GIS-database for Dronning Maud Land. Alle eksisterande geologiske kart frå Dronning Maud Land er skanna, georefererte og digitaliserte i vektorformat. Karta er samanstilte i målestokken 1 : 250 000, og det er utarbeidd ei standardisert, einskapleg teiknforklaring for heile området. Første versjonen av databasen vart ferdigstilt i juli 2017 og gjord tilgjengeleg for bidragsytarar og samarbeids-partnarar for fagleg gjennomsyn. Samanstillingsprosjektet inngår i arbeidet til SCAR GeoMap action group (Scientific Committee on Antarctic Research ([Geological mapping Update of Antarctica](#))), og medverka dermed til å styrkja det norske bidraget i det internasjonale samarbeidet.

Quantarctica

Quantarctica er ei samling geografiske datasett for Antarktis som kan brukast på kartprogramvaren QGIS. [GIS-pakken](#) er gratis og inneholder programvare, basiskart og vitskapelege geodata. Kartverktøyet er utvikla av Norsk Polarinstitutt og støtta av SCAR (Scientific Committee on Antarctic Research). Ein ny versjon av Quantarctica er under utvikling med finansiell støtte frå Utanriksdepartementet. Ei gruppe sett saman av 15 vitskapelege redaktørar frå åtte ulike land er rekruttert og har tilrådd datasett frå sine respektive disiplinar for tilrettelegging og integrering i pakken. Quantarctica har mange brukshøve; brukarar kan lett inkludera eigne data, sletta, endra og dela data, kart og bilete frå programvaren. Datasettet er eit viktig verktøy for forskarar i felt fordi det kan brukast utan internetttilkoppling.



Før jul 2017 gav Polarinstituttet ut boka «Svalbard fra lufta», her ved leiar for Kartseksjonen Yngve Melvær (t.v.) saman med redaksjonsgruppa for boka, Harald Faste Aas, Oddveig Øien Ørvoll, Bjørn Fossli Johansen og Anders Skoglund./The NPI launched the book "Svalbard from Above" before Christmas 2017. Head of the mapping section Yngve Melvær (left) together with the book's editorial team Harald Faste Aas, Oddveig Øien Ørvoll, Bjørn Fossli Johansen and Anders Skoglund.

Foto/Photo: Elin Vinje Jenssen, NP/NPI

Kunnskapsformidling og dataforvaltning

Norsk Polarinstitutt skal vera det sentrale datasenteret for miljøkunnskap om polarområda og gjera eigne miljø- og forskingsdata tilgjengelege for bruk gjennom maskinleselege tenester (API), kartløysingar, visualiseringar og datakatalog. Datasenteret forvaltar 333 datasett, der 142 er tilgjengelege for direkte nedlasting eller utesing. Geodata vert formidla vidare gjennom Geonorge og marine data gjennom den nyestablerte, nasjonale felleslösinga NMDC (Norwegian Marine Data Centre). Datakatalogen til instituttet er òg gjord klar for hausting frå Difis dataportal, data.norge.no

Forvalningsrelevante data frå databasen for kolonihekkande fugl er tilgjengelege for allmenn bruk via data www.npolar.no. Polarinstituttet samarbeider no med Sysselmannen på Svalbard for å utvikla ei brukarløsing tilpassa behova til Sysselmannen. I løpet av 2017 vart heile arkivet for polare, geologiske prøver ved instituttet gjort digitalt tilgjengeleg for allmenta.

Arbeidet med å utvikla satellittbasert overvakning av havisen i fjordar og kystnære farvatn på Svalbard er i oppstartsfasen. Dataserien for isfrekvens i Barentshavet er oppdatert til 2015. Oppdatering til 2016 og 2017 avventar kvalitetssikra rådata frå leverandøren (NSIDC).

Topografisk kartlegging av Svalbard

I den topografiske hovudkartserien på Svalbard (S100) vart kartblada E11 – Kvalpyntfonna, E12 – Tusenøyane, E13 – Håøya, F10 – Stonebreen og F11 – Deltabreen ferdigstilte i 2017. Med dette er Barentsøya og Edgeøya med omkringliggjande øyar nykartlagde med moderne digitale data. I tillegg er kartblada A7 – Kongsfjorden og A8 – Prins Karls Forland nykonstruerte og nyutgjevne baserte på dei nye digitale flybileta våre med endå betre grannsem.

Polarinstituttet gjennomførte ein vellykka feltekspedisjon på Nordaustlandet. Føremålet med ekspedisjonen var å skaffa til vegar grunnlagsdata for nykartlegging av området. Dette er det siste området på Svalbard med kart som ikkje held moderne kvalitet og standard.

Ortofoto og nye terrenghodellar vert produserte fortløpende i kartkonstruksjonsprosessen og vert publiserte i det interaktivt topografiske Svalbardkartet, TopoSvalbard. I tillegg skanner vi fortløpende gamle flybilete og gjer dei tilgjengelege i TopoSvalbard. Alle bileta frå 1936 og 1938 er no skanna og tekne vare på for evigskapen.

I 2017 fekk TopoSvalbard fleire nye funksjonar, mellom anna eit nytt terrenghlag som viser terrenget fire gonger så nøyaktig. I tillegg er detaljkarta over Longyearbyen påførte gateadresser. Detaljkart over Barentsburg er òg på plass.

Dei andre digitale karttenestene våre vert oppdaterte kontinuerleg etter kvart som nye data vert ferdigstilte. Vidare har tema-kartproduksjonen for interne og eksterne brukarar vore stor.

Instituttet har lenge ønskt å få vist fram for publikum nokre av dei nye flybileta frå Svalbard. I samband med det laga vi boka «Svalbard fra lufta». I tillegg til å visa den storslåtte naturen på Svalbard gjev ho òg god informasjon om bruk av flybilete til ulike føremål (sjå eigen artikkel om flybiletboka på side 34).



Eit satellittbiletkart over Fimbulheimen i Dronning Maud Land så dagens lys i 2017. Fimbulheimen er det mektige fjellområdet som strekk seg frå Jutulstraumen i vest til Carsten Borchgrevinkisen i aust, om lag 200 km frå iskanten./A satellite image map of Fimbulheimen in Dronning Maud Land came into being in 2017. Fimbulheimen is the vast mountainous area that stretches from Jutulstraumen in the west to Carsten Borchgrevinkisen in the east, approximately 200 km from the sea ice cap.

Kart/Map: Anders Skoglund, NP/NPI

Topografisk kartlegging i Antarktis

Norsk Polarinstitutt auka fokuset på kartlegging i Antarktis i 2017. Hovudproduktet var eit oversiktskart over Dronning Maud Land, som vann publikumsprisen ved dei nasjonale Geomatikkdagane i april. Det vart laga eit satellittbiletkart over Fimbulheimen som er sett saman av 19 gjennomarbeidde sommabilete og over 800 stadsnamn. I løpet av året vart òg flyoperasjonskartet over delar av Dronning Maud Land ajourført.

På slutten av året kjøpte instituttet inn høgoppløyste satellittbilete for området mellom dei norske stasjonane Troll og Tor. Desse bileta vil danna grunnlaget for nykartlegging i området.

Instituttets namnekomité sørgte for at fleire stader fekk nye namn i Antarktis. På Svalbard var det få nye namnforslag til førehaving i 2017.



Den norske forskningsstasjonen Troll (til høgre) i Dronning Maud Land, Antarktis./The Norwegian research station Troll (to the right) in Dronning Maud Land, Antarctica.
Foto/Photo: Stein Tronstad, NP/NPI

Plast i havet

2017 var på mange måtar «Det store plaståret» der plastproblematikken og dei skadane det påfører dyr og natur, fekk stor nasjonal (og global) merksemd. Norsk Polarinstitutt medverka inn i det overordna nasjonale målet som seier at forureining ikkje skal skada helse og miljø i polarområda. I dette arbeidet prioriterer instituttet å styrkja miljøovervaking og utvikling av kunnskap om førekomst av, kjelder til og effektar av plast og mikroplast på marine organismar i Arktis.

Arbeidet innanfor plast og mikroplast er i startfasen og under oppbygging ved instituttet. I 2017 styrkte vi innsatsen på området med å tilsetja ein forskar og utlysa ei post doc-stilling, med oppstart i mars 2018. Vi var på tokt i Kongsfjorden, Isfjorden og nord for Svalbard der det vart teke sedimentprøver som grunnlag for kartlegging av nano- og mikroplast. Dette arbeidet er primært knytt til metodeutvikling for overvaking av plast i sedimentprøver.

Vidare har vi i løpet av året, saman med NILU og NIVA, levert inn forslag til screening av nye miljøgifter til Miljødirektoratet. Vi leverte òg ein rapport (*Screening of PFAS and Dechlorane compounds in selected Arctic top predators*) knytt til screeningstudiar av mellom anna arktiske artar leverte til direktoratet. Rapporten viser førekomst av fluorsambindingar og er til evaluering i arbeidet som vert utført for [Stockholmkonvensjonen](#).

Som ein del av arbeidet i [AMAP](#) (Arctic Monitoring and Assessment Programme) har miljøgiftforskaran ved instituttet medverka til ein rapport om effektar av miljøgifter på arktiske sjøfugl- og

pattedyrartar. I 2017 utførte vi òg studiar av effektar av miljøgifter på isbjørn og polarmåkar.

I løpet av 2017 var Polarinstituttet nemnt i 288 oppslag om plast i norske media, anten som kjelder til artiklar, intervju med sitat eller i kronikkar. Tematisk handla 242 av desse oppslaga om havplast og 46 om mikroplast. Vi har òg fortalt om plastproblemets på møte i Oslo, Bergen, Tromsø, Honningsvåg, Longyearbyen og Ny-Ålesund, og internasjonalt på møte i Russland, USA og Tsjekkia. Instituttet medverka òg i arbeidet med ei ny utstilling om plast i havet på opplevelingsenteret Polaria, vi heldt føredrag for skuleelevar og fortalte om temaet på arrangementet Fritt Fram under Forskingsdagane. Ei ny temaside om [havplast](#) så dagens lys på nettsida til Polarinstituttet www.npolar.no

Arven etter Nansen

Arven etter Nansen er eit nasjonalt forskingsprosjekt med ei budsjetttramme på nærmere 800 millionar kroner. Målet med prosjektet er å kartleggja det nordlege Barentshavet, og det nye forskingsskipet *Kronprins Haakon* skal her spela ei sentral rolle. I september vart det klart at regjeringa vil løyva 30 millionar kroner kvart år til dei seks neste åra av prosjektet. I desember godkjende Noregs forskingsråd forskingssøknaden og gav dermed klarsignal for prosjektet. Ti institusjonar samarbeider i prosjektet, deriblant Norsk Polarinstitutt. Sebastian Gerland, Arild Sundfjord og Øystein Mikelborg frå Norsk Polarinstitutt inngår i leiargruppa til Arven etter Nansen, saman med representantar frå andre nasjonale institusjonar.



Polarinstituttet er godt i gang med satsinga på plastproblematikken, mellom anna var vi på tokt i Krossfjorden på Svalbard der vi tok sedimentprøver som grunnlag for kartlegging av nano- og mikroplast./*The NPI is off to a flying start in focusing on this problem; among other things, we embarked on a cruise in Krossfjorden in Svalbard during which we took sediment samples as the basis for mapping nano- and microplastics.* Foto/Photo: Geir Wing Gabrielsen, NP/NPI



I ein studie frå 2017 konkluderte forskarar med at klimaendringar har negative verknader for dei fleste fugle- og pattedyrtartane på Svalbard. Krykkje er ein av artane som er råka. Her ser vi to eksemplar av dei i nærkamp./*In a study from 2017, researchers concluded that climate change is negatively affecting the majority of bird and mammal species in Svalbard. The kittiwake is one of the species affected. Here we see two of them in close combat.* Foto/Photo: Sébastien Descamps, NP/NPI

Fugle- og pattedyr under klimapress

Heile den nordlege delen av Barentshavet opplever temperaturauke i luft og i vatn, store reduksjonar i havutsbreiing og aukande grad av ekstremvêr. I ein studie der ein gjekk gjennom konsekvensane av desse endringane, konkluderte forskarar frå Norsk Polarinstitutt med at for dei fleste fugle- og pattedyrtartane på Svalbard har klimaendringane negative verknader ([Descamps et al. 2017](#)). Studien vekte stor internasjonal merksamhet etter at han vart publisert i [Global Change Biology](#) i 2017, og var blant dei 15 mest nedlasta artiklane i tidsskriftet dette året, og sitert av ulike fagtidsskrift rundt om i verda.

Fugleartar, demografi og responsar på klimaendringar

I ein studie av [Fluhr et al. \(2017\)](#), basert på ein tidsserie på overleving hos vaksne polarlomvi på Bjørnøya (1986–2011), vert det vist ein nær samvariasjon mellom oppvarming av havområda rundt Island og redusert overleving hos polarlomvi, truleg som følgje av redusert næringstilgang i varme år. Redusert overleving hos dei vaksne fuglane gjennom vinteren kan vera ein viktig faktor for bestandsnedgangen i Svalbard.

Demografiske effektar av eit varmare klima varierer regionalt. [Guerry et al. \(2017\)](#) viser at ærfulgbestandar reagerer ulikt på endringar i dei klimatiske tilhøva om vinteren. Ei mogleg forklaring er variasjon i migrasjonsstrategi, der trekkjande fuglar er meir direkte påverka av krevjande vintertilhøve. For nokre artar har oppvarminga til no relativt mindre tyding for bestandsutviklinga. [Bogdanova et al. \(2017\)](#) påviste såkalla «carry-over»-effektar for krykkje, der fuglar som mislykkest med hekkinga i ein sesong, startar hausttrekket tidlegare, kjem til vinterområda tidlegare og forlot vinterkvartera seinare påfølgjande vår enn fuglar som hadde ei vellykka hekking.

[Descamps et al. \(2017\)](#) studerte bestandsutviklingsdata frå 556 krykkjekoloniar spreidde over heile utbreiingsområdet til fuglen frå 1975 til 2010. Forskarane fann at takta i endringane hadde

store negative effektar på bestandsutviklinga hos denne trua sjøfuglarten, men ikkje oppvarminga i seg sjølv. For andre artar kan oppvarminga av Arktis sjå ut til å ha positive effektar, til dømes havsula, som har utvida utbreiingsområdet sitt så langt nord som til Bjørnøya dei siste åra ([Barrett et al. 2017](#)). Forskarar trur etableringa på Bjørnøya kjem av nordleg forskyving av viktige byttedyr for havsula, som sild og makrell.



Nokre artar, som havsula, har utvida utbreiingsområdet i takt med varmare (hav)klima. Havsula er no etablert på Bjørnøya./*Some species are extending their distribution area in line with warmer (sea) temperatures. The northern gannet has moved northwards in recent years and is now established in Bjørnøya.*

Foto/Photo: Robert T. Barrett, UiT Noregs arktiske universitet

Vegetasjonsendringar og beitedyr

Ekstremvêr om vinteren kan resultera i høge dødstal og skadar på dvergbuskar, kantlyng og reinrose ([Bjerke et al. 2017](#)). Vidare kan varierande vinterklima forårsaka vegetasjonsendringar som får konsekvensar for beitedyra, i tillegg til å endra på samansetjinga av vegetasjonen.

Ein tidsserie for bestandstellingar av svalbardrein, som spenner over 35 år, viser ulik påverknad av klimavariasjon og tettleiksavhengige tilhøve på dødelegheita til dyra. [Peeters et al. \(2017\)](#) fann ein positiv bestandstrend og ei gjennomgåande skeiv kjønnfordeling mot større del av simler i bestanden over heile denne tidsperioden. Aukande nedbør som regn om vinteren, som er ein indikator på tilgjenge av vinterbeite, førte til nedgang i vekstraten for vaksne dyr gjennom redusert overleving hos bukkane, men ikkje hos simlene. Derimot så det ut til at aukande bestandsstorleik forårsaka ein sterkare nedgang i kjønnsspesiifikke vekstratar for simlene, men ikkje for bukkane. Som venta ut frå den aukande frekvensen av regnfulle vintrar med danning av is på bakken vart trenden i kjønnstilhøvet ytterlegare forskyvd mot ein større del av simler i bestanden.

Studiar på ryper viser effektar av den raske klimaoppvarminga, spesielt i sub- og låg-Arktis ([Henden et al. 2017](#)). I eit system med fleire predatorar i næringsnettet skjer det truleg komplekse interaksjonar som følgje av klimaendringar. Data frå høgarktiske strøk, som er eit enklare biologiske system, er viktige i denne samanhengen. I ein annan studie på reinsdyr i Finnmark fann [Bråthen et al. \(2017\)](#) at reinsdyr ved tettleik over fem dyr per km² hindrar attgroing av tundraen, og avgrensar krattdanning i høgareliggjande terrengr sjølv om det vert danna meir kratt ved varmare sommartemperaturar. Foreløpig finst krattdannande vier berre i Fastlands-Noreg, men denne studien viser kor viktig det er spesifikt å måla den relative effekten beitedyr og klima har på mengda arktiske planter.

Vérstasjonar på tundraen

I 2017 vart nye vérstasjonar sette opp på Nordenskiöld Land på Svalbard i regi av overvakningsprogrammet [COAT](#). Vérstasjonane skal senda data direkte inn i datasystema til Meteorologisk institutt og dekkja geografiske område som i dag ikkje inngår i det eksisterande nettverket. Frå før er det 17 slike stasjonar spreidde langs kysten av øygruppa. Vérstasjonane vil



Forskar Åshild Ønvik Pedersen (f.v.) og ingeniør Stein Tore Pedersen frå NP, overingeniør Bernt Enge Larsen og forskar Ketil Isaksen frå Meteorologisk institutt deltok i arbeidet med å setja opp dei nye vérstasjonane på Svalbard./*Researcher Åshild Ønvik Pedersen (first left) and engineer Stein Tore Pedersen from NPI, senior engineer Bernt Enge Larsen and researcher Ketil Isaksen from the Norwegian Meteorological Institute participated in the project to establish the new weather station in Svalbard.*

Foto/Photo: Ketil Isaksen, Meteorologisk institutt/Norwegian Meteorological Institute

Ringselen trekkjer mot land

Framtida til dyr som tradisjonelt har vore avhengige av havis, og evna deira til å tilpassa seg dei nye tilhøva i Arktis med mindre havis, er svært usikker. [Lydersen et al. \(2017\)](#) viser i ein studie at ringselen, som er den mest isavhengige av alle selane, har byrja kvila på land i nokre område på Svalbard. Nokre stader er det påvist at ringselane ligg på land saman med steinkobbar. Observasjonen var uventa og demonstrerer ei brei åferdstilpassing hos ringsel. Det bør likevel nemnast at for dei små ringselungane, som er tilpassa kalde, tørre tilhøve og normalt vert fødde i ei snöhøle på isen, vil ikkje land kunna erstatta funksjonane til høla. Forskarane trur at ungar som eventuelt vert fødde på land, svært truleg vil døy som følgje av auka predasjon og kuldestress.



Ringselen er den mest isavhengige av alle selane, men likevel viser studiar at arten har byrja leggja seg på land i nokre område av Svalbard./*The ringed seal is the most ice dependent of all the seals. Nonetheless studies show that the species has started resting on land in some parts of Svalbard.* Foto/Photo: Guttorm N. Christensen, Akvaplan-niva

Djupdykkande selar skifta beiteområde

[Vacquie-Garcia et al. \(2017\)](#) brukte satellitt-dataloggarar på klappmyss frå den nordaustatlantiske bestanden (som har minka med 85 prosent dei siste tiåra) for å studera habitatbruken hos arten. Ni vaksne hoselar, tre vaksne hannselar og åtte selunger vart merkte med satellittendarar. Sendarane fell av når selane skiftar pels. Sendarane gav informasjon om kor klappmyssane oppheldt seg, og dessutan dykkedjupn, varigheit, temperatur og saltinnhald i vassmassane dei dykte i. Dei mest brukte beiteområda var relativt grunne område med høg overflatevatntemperatur (i område på kontinentalsokkelen med atlanterhavsvatn), noko som var eit overraskande resultat for denne djupdykkande selarten.

Menneskeskapt støy påverkar dyrelivet

Klimaendringar er truleg det største problemet for dei fleste stadeigne arktiske dyra og plantene, men andre òg utgjera ein risiko. [Ahonen et al. \(2017\)](#) dokumenterte undervatnslydbilete frå leveområde for den kritisk trua Spitsbergen-bestanden av grønlandskval. Område har lite menneskeskapt skipsstøy, men likevel fann forskarane signal frå seismiske undersøkingar meir enn 12 timer per dag både om sommaren og på hausten. Det er lite sesongmessig overlapp mellom nærvær av høg menneskeskapt støy og perioden med mest synging frå grønlandskval, men studien skaffa til vegar viktige grunnlagsdata for framtidig overvaking.



Forskarar fann signal frå seismiske undersøkingar i leveområdet til grønlandskvalen./
Researchers found signals in seismic studies of the bowhead whale's home ranges.

Foto/Photo: Nick Cobbing, NP/NPI

Fjellrev konsentrerte dei aktive periodane sine til natta når snøskutertrafikken var minimal i høgtraffikkerte område, viste ei anna undersøking som handla om snøskutertrafikk og effektar på døgnaktiviteten til reven.

Sommartokt til brefronten

Norsk Polarinstittut-prosjektet TW-ICE var på tokt med *Lance* til brefrontane i Kongsfjorden på Svalbard sommaren 2017. På toktet vart det teke prøver av vassmassar, dyreplankton og botndyr. Målet var å undersøkja kva som er spesielt med brevatnet som kjem ut under breen, og kva byttedyr som er konsentrerte ved brefronten og beita på av sjøfugl.



Forskarar oppdaga store mengder fisk føre brefronten under sommertoktet i Kongsfjorden. Her viser toktleiar Haakon Hop frå NP fram to av fiskeartane, polartorsk (den minste) og atlanterhavstorsk./
Researchers discovered large numbers of fish at the glacier front during the summer cruise in Kongsfjorden. Here, cruise leader Haakon Hop from NPI presents two fish species: polar cod (the smaller fish) and Atlantic cod.

Foto/Photo: Piotr Kuklinski, Institute of Oceanology, Poland

Isbreane på Svalbard har dei siste åra vorte mindre og trekkjer seg tilbake, ofte med fleire hundre meter i året. Der breane før kalva isfjell i havet, ligg dei no oftere på fast grunn. Desse endringane påverkar matfaget til fisk, sjøfugl og sel som i stor grad nyttar anten iskantsona nord for Svalbard eller området like føre brefrontane for å finna føde. Når iskanten er for langt nord, prøver dei heller lykka å finna mat utanfor brefrontane.

Inst i Kongsfjorden på Svalbard finst det framleis tidevatnbrear som har frontar ute i fjorden. Ismassar som pressar på frå breen bak, fører til at store bitar av breen kalvar i fronten og vert drivande som isfjell i indre fjordbassenget. Vatn som renn under breen, kjem opp som brunt brevatn ved brefronten. Her er det ofte stor aktivitet av beitande sjøfugl, spesielt krykkje, havhest og arktiske terner, som flyg langs brefronten på jakt etter dyreplankton og fisk i overflata.

Vengesniglar under lupa

Dyreplanktonet vengesnigle er viktig næring for fleire artar i dei arktiske havmassane, til dømes sild, laks, kvalar og sjøfugl. Men dei ørsmå vengesniglane slit med å danna skal, og årsaka er rekna med å vera auka havforsuring i nokre havområde. I 2017 møttest forskarar frå Norsk Polarinstitutt og samarbeidande institusjonar til ein workshop i England for å utveksla forskingsresultat om arten, og ikkje minst kva som stressar han. For å komma meir til botns i tematikken leverte Norsk Polarinstitutt ein delrapport om vengesniglar til Havforsuringsflaggskipet i Framsenteret. Delrapporten konkluderte med at ved å studera tilstanden til skalet på vengesniglen med ein spesiell metode, MXCT-skann, får vi innsikt i tettleiken av skalet og vil lettare oppdaga eventuelle skadar. Vengesniglar som er samla inn av Polarinstituttet og Havforskinsinstituttet, er analyserte ved det japanske instituttet JAMSTEC.

Havis og marin produktivitet

Sporingsstudiar frå både sjøpattedyr og sjøfuglar viser at habitatbruk er relatert til havis, og vert påverka av endringar i isen. [Ramirez et al. \(2017\)](#) viste at når havissmelting skjer, og kor lenge ho varer, er avgjerande for marin produktivitet. Det er dermed òg ei viktig drivkraft for overføringa av energi til sjøfuglar. Meir forseinka issmelting og oppblomstringa av isalgar og pelagisk plantaplankton ført til at både alkekonge og polarlomvi raskt fekk avtakande hekkeseksess.

Samspelet mellom dyra endrar seg

Oppvarminga av Arktis skjer tre gonger så fort som det globale gjennomsnittet, istilhøva endrar seg raskt, og særleg gjeld dette for Svalbard-regionen. Endringane i istilhøva påverkar samspelet mellom isbjørnar og ringsel, og får òg konsekvensar for andre delar av det arktiske økosystemet.

Ein sporingsstudie av [Hamilton et al. \(2017a\)](#) viser at den marginale issona er eit viktig beiteområde for ei rekke arktiske marine pattedyr og sjøfugl. Men posisjonen til dette høgproduktive området har smått om senn flytta nordover som følgje av mindre havis i Barentshavet dei siste tiåra. Ei vedvarande tilbaketrekkning og potensiell forsvinning av den marginale issona vil truleg få alvorlege konsekvensar for utbreiing, tal og ernæring for dei isavhengige artane. Sporingsdata frå isbjørnar og ringsel viser ei kopling mellom desse to viktige arktiske artane sommar og haust [\(Hamilton et al. 2017b\)](#). Redusert tilgang på sjøis på Svalbard om sommaren gjer ringsel mindre tilgjengelege for isbjørn, og derfor vandrar no bjørnane over lengre avstandar og oppheld seg meir tid ved koloniar av bakkehekkande fuglar der dei forsyner seg av egg, noko som kan få store lokale effektar for fuglane.

Reirplyndring

Sommaren er høgsesong for sjøfuglforskarar som arbeider i området rundt forskingslandsbyen Ny-Ålesund på Svalbard. I 2017 talde forskarane ærfugl og gjæser på holmane i Kongsfjorden som ligg like ved. Men talet på fugleungar som vil leva opp etter hekkesong om sommaren, kan vera monaleg mindre enn tidlegare år, fordi store mengder egg og ungar vart etne opp av andre artar. Forskarane observerte mellom anna isbjørn som gjekk frå reir til reir og forsynte seg grovt av både egg og ungar til ærfugl og kvitkinngås. På ein holme vart rundt 80 ærfuglegrer plyndra, noko som utgjer om lag 300 egg på tre-fire dagar. At isbjørnen held inntog i hekkeplassane, er i første omgang eit problem for bakkehekkande fuglar som kvitkinngås og ærfugl.

Men òg polarmåke, tjuvjo og storjo forsyner seg av egg og ungar frå andre fugleartar. Storjoen et i tillegg vaksne fuglar. I sommar registrerte forskarane òg ei auke i talet på hekkande storjo og polarmåke, noko som medverka til å leggja press på bestandane av ærfugl og gjæser i området.

Overvakkinga og forskinga på fuglebestandane på Svalbard er eit viktig bidrag for å skjønna korleis klimaendringar, mattrilgang og miljøgifter påverkar fuglar i Arktis.



Ein tjuvjo forsyner seg av eit ærfuglegg i Kongsfjorden på Svalbard./An Arctic skua helps itself to common eider eggs in Kongsfjorden in Svalbard.

Foto/Photo: Geir Wing Gabrielsen, NP/NPI

Marine pattedyr samla inn data

Spøringsstudiar frå sjøpattedyr gjev viktige bidrag til forståing av verdshava. [Treasure et al. \(2017\)](#) rapporterer at marine pattedyr til no har samla inn over 500 000 CTD-profilar frå polare havområde via [MEOP](#) (Marine Mammals Exploring the Oceans Pole to Pole). CTD-sendarar måler temperatur, saltinnhald, trykk og posisjon. MEOP har tydeleg demonstrert kor viktig og kostnadseffektivt det er å bruka marine pattedyr som innsamlingsplattformar for å betra dei oseanografiske observasjonssystema.

Satellittdata medverkar til rypeforvaltninga

Ein studie frå satellitt-telemetri på svalbardtype ([Fuglei et al. 2017](#)) har skaffa data til rypeforvaltninga på Svalbard. Tidleg i jaktsesongen (jakta starta 10. september) i nærområdet rundt Longyearbyen vert det hausta lokale ryper som har hekka i området. I månadsskiftet september/oktober, etter at vintervandringane har starta og dei lokale rypene har forlate området, vert det jakta på ryper som har vandra inn frå andre område. Vidare studiar på svalbardryper er nødvendig for å få meir robuste resultat, men forskarar meiner at ei utvikling av meir pålitlege satellittsendarar er nødvendig før nye liknande studiar kan gjerast.

Kartlegging av framande planteartar og vegetasjonsovervakking

Norsk Polarinstitutt kartla førekommstar av framande planteartar i busetnadene Barentsburg, Pyramiden og Ny-Ålesund, i tillegg til på fuglefjellslokalitetane Fjortande Julibukta, Stuphallet, Ossian Sarsfjellet, Alkhornet, Skansbukta og Bjørndalen. Eit systematisk rutenett med over 4000 ruter (storleik 20 x 20 m) vart kartlagt for førekommstar av framande planteartar. Det vart samla inn prøver for skildring av veksttilhøve. Framande planteartar vart berre funne i busetnader. Vidare vart det ikkje gjort funn utanfor busetjinga eller på fuglefjellslokalitetane, sjølv om utveljinga av lokalitetane hadde til føremål å fanga opp dei stadene det vilja vere sannsynleg at framande planteartar kunna ha spreidd seg via menneske eller dyr, og der det var venta gunstige veksttilhøve for dei.

Det vart òg gjort overvakking av planter i Adventadalen, Sassendalen og Alkhornet som ein del av rutineovervakkinga av vegetasjon.



Sommaren 2017 vart planta høgmol (*Rumex longifolius*) funne i Ny-Ålesund. Dette er første gongen planta er registrert på staden sidan 1940-talet./In the summer of 2017, the northern dock plant (*Rumex longifolius*) was found in Ny-Ålesund. This is the first time this plant has been recorded there since the 1940s.

Foto/Photo: Virve Ravalainen, NP/NPI

Overvakking av fjellrev i Arktis

Arktisk råds arbeidsgruppe for biodiversitet har utvikla overvakningsplanar for å betra høvet til å fanga opp, skjønna og rapportera langtidsendringar i arktisk biodiversitet. Fjellrev er valt som mål for framtidig overvakking fordi han har ei sirkumpolar utbreiing, er økologisk viktig og er sterkt knytt til arktiske økosystem. I [Berteaux et al. \(2017a, b\)](#) presenterer vi den første gjennomgangen av eksisterande fjellrevovervakningsprogram der vi gjer rede for 34 prosjekt i åtte land. Arbeidet kan nyttast som ein modell for å integrera overvakingsarbeid òg for andre artar, og på den måten medverka til eit steg vidare for framtidig vurdering av global biodiversitet.



Vår og sommar er ei travl tid å vera reindsyrforskar på Svalbard med bestandsteljingar, snø- og ismålingar, merking og innsamling av ulike prøver. Dette biletet er teke under reindsyrteljinga sommaren 2017./ Spring and summer are busy seasons to be a reindeer researcher in Svalbard, with population counts, snow and ice measurements and the collection of different samples. This photo was taken during the reindeer count in the summer of 2017. Foto/Photo: Elin Vinje Jenssen, NP/NPI



Svalbardrype/Svalbard Rock Ptarmigan. Foto/Photo: Eva Fuglei, NP/NPI

Endringar i leveområda til rypa

Modellingsstudiar hjelper mellom anna med å vurdera potensiell habitatbruk (levestader) til dyr i Arktis. [Pedersen et al. \(2017a\)](#) gjennomgjekk og remodellerte den tidlegare utvikla regionale habitatmodellen for nærvær av territorielle svalbard-rypesteggar (rypehannar) i høve til vegetasjon, terren og snøsmelting. Basert på modellen kom det fram at berre ein liten

del av det vegetasjonsdekte arealet på Svalbard (3, 9 prosent) er veilegna for hekkande svalbardryper.

Gjæser påverkar predasjonsmönsteret

Dei siste åra har det vorte monaleg fleire gjæser på Svalbard. No ser det ut til at arten påverkar predasjonsmönsteret på andre bakkehekkande fuglar i tundralandskapet på Svalbard. [Pedersen et al. \(2017b\)](#) påviste lågare predasjonsratar frå fjellrev og flygande predatorar på bakkehekkande fugl (rype, vadalar og snøspurv) i område med høgare tettleik av hekkande gås. Å forstå grunnleggjande økologiske interaksjonar er òg nyttig for å få kjennskap til korleis systema fungerer, og korleis ulikt press kan påverka ulike bestandar.

Biologisk forsking i Ny-Ålesund

I 2017 intensiverte Polarinstittuttet nærværet og forskingsaktiviteten i Ny-Ålesund. Aktivitetane her medverkar til overvaknings-tidsseriane i MOSJ og inn til dei fire [Ny-Ålesund-flaggskipa](#) der vi samarbeider med andre internasjonale aktørar på staden.

Implementeringa av [COAT Svalbard](#) i Ny-Ålesund-området er òg starta opp.

Ny-Ålesund og omegn, saman med Nordenskiöld Land, er viktige regionar for implementering av forskingsinfrastrukturen til COAT. Vi har i nokre år studert korleis fjellrev og svalbard-rein bruker områda sine gjennom året. I 2017 starta vi opp med liknande studiar av fjellrev i Kongsfjorden og Krossfjorden, og vidareførte den pågående studien av svalbardrein. Vi monterte satellittsendarar på 14 fjellrev som skal visa korleis og i så fall om

revane bruker havis og brefrontar gjennom vinteren og våren, og 30 GPS-sendarar vart festa på svalbardrein for å kunna fortelja korleis dyra bruker leveområda sine.

I tillegg vart det etablert nye overvakingsstasjonar for interaksjonar mellom vegetasjon og plantebitedyr på Brøggerhalvøya, og utført årlege målingar av snø- og bakkeistilhøve på land. Arbeidet med implementering av forskingsinfrastruktur held fram i første omgang fram til 2020.

Samanlikna kvalrossbestandar

[Andersen et al. \(2017\)](#) undersøkte genetisk struktur til atlanterhavskvalross frå Pechorahavet i vestlege deler av russisk Arktis og samanlikna med kvalrossar frå Svalbard, Franz Josef Land og Aust-Grønland. Analysar viste ein liten, men signifikant skilnad mellom kvalross frå desse to områda, og konkluderte med at kvalross frå Pechorahavet bør forvaltast som ein eigen liten bestand.

Betre overvakings- og svævingsmetodar

Tre studiar som vil betra overvakkinga av tilstanden til arktiske marine ([Hansen et al. 2017](#), [Pedersen et al. 2017](#)) og terrestriske ([Baubin et al. 2017](#)) økosystem vart publiserte i 2017. I tillegg skildra [Ølberg et al. \(2017\)](#) ein ny og sikrare måte å svæva kvalross, basert på data frå 40 vaksne hannar.

Koststudiar på sel og kval

Innstrøyming av varmt atlanterhavsvatn i fjordane på vestsida av Spitsbergen gjer at meir varmekjære artar etablerer seg i Arktis. [Lowther et al. \(2017\)](#) undersøkte effektar som desse nye vassmassane kan ha for kosten til ringsel. Stabil isotopanalyse av vêrhår frå sel vart samla inn i 1990 og 2013, og analysar av desse viser endringar i det marine økosystemet på vestsida av Spitsbergen. Det er derimot uklart kva delar av næringsnettet som er endra.

Vidare har forskarar gjort koststudiar på grønlandssel og vågekval. Begge desse to artane er topppredatorar i Barentshavet, og kunnskap om kost er spesielt viktig for forvaltinga av artane og forståinga av det pelagiske økosystemet i havområdet. [Haug et al. \(2017\)](#) har ved bruk av stabile isotopar av nitrogen, karbon og samansetjing av feittsyrer vist at grønlandssel ligg på eit høgare

trofisk nivå enn vågekval om våren. Funnet samsvarer med tidlegare studiar som viser at på denne tida av året et grønlands-sel meir fisk samanlikna med vågekval. Feittsyreprofilane ymta òg om at krill var viktig for dei unge selane, mens eldre sel og vågekval et meir fisk.

Effektar av havforsuring

Havforsuring kjem av auka konsentrasjon av CO₂ i atmosfæren. Norsk Polarinstitutt arbeider med å bringa fram effektar som havforsuring kan ha på marine nøkkelartar i Arktis. Vi studeerer både den fysiske utviklinga i havkjemien og effektane på organismar i havet. For nokre marine organismar vil auka pCO₂ og tilhøyrande reduksjon i pH, føra til meir stress. Allison Bailey, som disputerte i mars 2017, viste i avhandlinga si at ishavssåten *Calanus glacialis* har signifikant endring av genuttrykk ved låg pH, sjølv om arten vidarefører normal larveutvikling ([Bailey et al. 2017](#)). Ein annan studie ([Thor et al. 2017a](#)) viser at geografisk åtskilte populasjonar av *Calanus glacialis* har ulik respons på auka pCO₂. Studien viste redusert fødeinntak og auka metaboliske kostnader for eitt larvestadie i to populasjonar frå Svalbard (Kongsfjord og Billefjord), mens ingen effektar vart observerte i ein populasjon frå Diskobukta på Vest-Grønland. Ein tredje studie konkluderer med at *Calanus glacialis* reagerte meir på endringar i matnivå enn synkande pH ([Thor et al. 2017b](#)).

Havforsuring kan òg ha ein indirekte effekt på økosystemet. [Alguero-Muniz et al. \(2017\)](#) presenterer resultat frå eit mesokosmos-eksperiment frå Skagerakysten, som fann at planktonsamfunnet som heilskap responderer på pCO₂-nivå tilsvarande det ein ventar i år 2100. Resultata frå dette eksperimentet viser at artssamansetjing og samfunnsstruktur hos meso-dyreplanktonen ikkje er venta å endra seg mykje under framtidig havforsuring. Men den totale mengda meso-dyreplankton auka, som følgje av auka primærproduksjon, noko som potensielt kan påverka biomasseoverføring til høgare trofiske nivå i framtida.

Flyteljing av isbjørn, narkval og grønlandskval

Kor mange isbjørn som oppheld seg på Svalbard året rundt, er truleg færre enn 300 dyr, viser flyteljing av isbjørn i norsk territorium. Det totale talet på isbjørn på norsk side i Barentshav-bestanden vart berekna til rundt 1000 dyr hausten 2015 ([Aars et al. 2017](#)). Samanlikna med tal frå hausten 2004 er det ingen



Det er rekna med å vera rundt 1000 isbjørn på norsk side i Barentshavbestanden. Samanlikna med tal frå hausten 2004 er det ingen indikasjoner på at bestanden har vorte mindre dei siste ti åra, og det kan tenkjast han enno er i vekst etter fredinga./There is estimated to be around 1000 polar bears in the Barents Sea population on the Norwegian side. Compared with figures from autumn 2004, there are no indications that the population has declined over the last decade and is probably growing thanks to conservation efforts. Foto/Photo: Kit Kovacs og/and Christian Lydersen, NP/NPI



I dette området, på andre sida av Kongsfjorden frå Ny-Ålesund, var geologane ved Polarinstituttet på geologisk feltarbeid sommaren 2017./In this area, on the other side of Kongsfjorden from Ny-Ålesund, geologists from the NPI took part in geological fieldwork in the summer of 2017. Foto/Photo: Per Inge Myhre, NP/NPI

indikasjonar på at bestanden har vorte mindre dei siste ti åra, og det kan tenkast han enno er i vekst etter fredinga. På same ekspedisjonen vart det talt grønlandskval og narkval nord for Svalbard, med svært overraskande resultat ([Vacque-Garcia et al. 2017](#)). Forskarane berekna at det var 343 grønlandskval og 837 narkval innanfor det cirka 53 000 km² store området som vart undersøkt, noko som er eit monaleg større tal enn venta. Begge artane er sterkt knytte til drivisen i nord, noko som gjer dei sårbare overfor pågåande havisreduksjonar.

Håkjerring og hybridisering

Genetiske studiar av håkjerringfamilien viste at hybridisering (artsdanning der individ frå to nært liknande artar har fått avkom med kvarandre) har skjedd med ulike mellomrom i løpet av dei siste åtte millionar år ([Walter et al. 2017](#)). Hybridiseringa vert rekna med å komma av variasjon i istjukkleik i ulike geologiske periodar.

Geologisk feltarbeid i fjellområde på Svalbard

Geologiske undersøkingar av berggrunnen på Svalbard skal forstå geodynamiske prosessar knytte til kontinentutvikling og fjellkjededannning. Feltarbeid på Svalbard har gjennom åra avdekt rike førekomstar av fossilar av marine reptilar i dei svarte skiferbergartane på Svalbard og spor etter omrent alle dei geologiske periodane på jorda, 2-3 milliardar år tilbake i tid.

Kvar sommar reiser geologane våre på feltarbeid til villmarka på Svalbard for å studera dei særegne fjellformasjonane på øyriket. I 2017 var målet for feltarbeidet å studera fjella rundt Kongsfjorden, nærmere bestemt ei historisk megafjellkjede og isbrelandskapet i dag. Geologane arbeidde i dette landskapet på jakt etter «nye» steinar som kan gje betre og kanskje nye svar om berggrunnar. Målet med feltarbeidet er å forstå meir av historia til Svalbard og sjå geologien der i ein større, og gjerne global, samanheng.

Geologisk steinarkiv

Landskapa i Arktis og Antarktis er vidt ulike, men begge områda inneheld rike førekomstar av bergartar. Norsk Polarinstitutt oppretta i 2017 eit [nasjonalt arkiv](#) for geologisk prøvemateriale samla inn under forskingsekspedisjonar frå polarområda. Arbeidet med å katalogisera den store steinsamlinga ved instituttet starta opp i juni, og i løpet av sommaren vart cirka 1500 steinprøver katalogiserte i ein database som inneheld tilgjengeleg og relevant informasjon om kvar enkelt prøve. Steinene som fekk æra av å «opne» steinarkivet, var ein mørk gabbro, henta frå Dronning Maud Land under Maudheim-ekspedisjonen i 1951. Spesielt materiale frå Antarktis har stor vitskapeleg verdi ettersom ekspedisjonar

til denne delen av verda er svært ressurskrevjande. Databasen er tilgjengeleg via [data.npolar.no](#)

Lokal forureining på Svalbard

To rapportar knyttte til miljøforureining vart publiserte i 2017. Rapporten til [Granberg et al. \(2017\)](#) gav oversikt over forureina område på Svalbard og tilrådingar om kva tiltak som bør setjast i verk for å hindra utslepp frå lokale kjelder. Rapporten til [Ask og Routti \(2017\)](#) tek for seg transport, skjebne og nedbryting av organiske miljøgifter i område med permafrost og oppsummerer mellom anna at klimaendringar kan føra til auka deponering av HOC (halogenerte organiske sambindingar) på landområde med permafrost fordi det gjev meir regn over landområde. På bakgrunn av den globalt aukande permafrosttemperaturen og utvidinga av djupna på det aktive laget er det ein fare for at giftstoff i permafrost skal flytta seg frå jord (og vatn og is) til luft, stigande temperaturar kan leia til auka mobilisering av HOC frå forureina jord, og smelting av isbrear kan medverka til auka utslepp av HOC til luft, sjø og jord. I masteroppgåva til [Kvernland \(2017\)](#) vart det i tillegg påvist høge førekomstar av fluorsambindingar i flyplassområdet i Longyearbyen og Ny-Ålesund.

Miljøgifter hos arktiske pattedyr

Forskarar har målt miljøgifter, nivå av hormon, kost og fysiologisk tilstand hos 112 isbjørnbinner som oppheldt seg i område med ulike havistilhøve. [Bourgeon et al. \(2017\)](#) fann mellom anna at nivå av tyroidhormonar, som regulerer temperatur, energiforbruk og reproduksjon, var lågare hos isbjørn som hadde høge nivå av miljøgifter (PCB, klorerte pesticidar og perfluorerte miljøgifter (PFAS). Vidare var effekten av miljøgifter større om våren når bjørnane var magre. PFAS er ei stoffgruppe som tidlegare er funnen i høge nivå i blod frå isbjørn. [Tartu et al. \(2017a\)](#) fann vidare at PFAS-nivå hovudsakleg var påverka av kva bjørnane åt; nivåa var høgare hos dei bjørnane som et marine organismar som sel og kval. PFAS-nivåa var òg høgare på austsida av Svalbard, der det er meir havs enn på vestsida. Binner med små ungar hadde høgare nivå av PFAS enn binner med større ungar eller utan ungar. Nivåa av feittløyselege miljøgifter var òg hovudsakleg avgjorde av kroppstilstanden hos bjørnane. Høgare nivå av PCB og klorerte pesticidar vart funne hos tjukke isbjørnar, mens fødeval i mindre grad påverka nivåa av desse stoffa. [Tartu et al. 2017b](#). [Tartu et al. \(2017c\)](#) fann ein samanheng mellom konsentrurasjonar av miljøgifter og fleire helseindikatorar som signaliserer ei potensiell skipling av korleis isbjørn lagrar og brenn feitt. Ein annan studie konkluderte med at nivåa av ulike feittløyselege miljøgifter hos isbjørn og kroppstilstanden hos dyra kan påverka ulike fysiologiske prosessar styrte av kjønnshormon ([Ciesielski et al. 2017](#)).



Råker i isen gjorde at lys trong ned i havet, slik at plantoplankton blomstra trass i tjukk snø over isen. Desse tilhøva favoriserte vekst av plantoplanktonet *Phaeocystis pouchetii*, viste ein studie frå N-ICE2015-ekspedisjonen. /Leads in the ice allowed light to penetrate down into the sea so that phytoplankton bloomed despite the thick snow over the ice. A report from the N-ICE2015 Expedition showed that these conditions favoured growth of the phytoplankton *phaeocystis pouchetii*. Foto/Photo: Tor Ivan Karlsen, NP/NPI

Langtidsstudiar av PFAS hos isbjørn og fjellrev frå Svalbard viser at PFAS-nivåa har gått ned med 9–14 prosent. Dette har skjedd etter at ein av dei store produsentane i Nord-Amerika og Europa stoppa produksjon av stoffet i 2001–2002. Sidan 2009 har PFAS-nivåa hos desse artane vore stabile ([Routti et al. 2017](#)). Nivåa av nokre fluorsambindingar (perfluoralkylkarboksylat) hos isbjørn og fjellrev har derimot auka med 2–4 prosent per år dei siste åra.

I ein studie av PFAS-nivå hos mor-unge-par av klappmyss var fluorsambindinga PFOS den mest dominerande sambindinga i blodet hos både mor og unge og dessutan i mjølka ([Grønnestad et al. 2017](#)). Resultata viste at fluorsambindingane hovudsakleg vert overførte via morkaka, men òg via mjølk frå mora.

Fjellrev vert òg påverka av miljøgifter. I ein studie vart vaksne oppdrettsrev (fjellrev) føra med kvalfeitt som inneheoldt naturleg høge nivå av persistente organiske miljøgifter (POP-er), mens ei anna gruppe vart føra med grisefeitt med lite POP-er. Føremålet var å undersøkja om miljøgiftene påverka vitaminnivå, hormonnivå, kjønnshormon (testosteron) og sædkvalitet. Nivåa av testosteron var vesentleg lågare i gruppa føra med kvalfeitt samanlikna med grisefeitt, noko som kan påverka paringsåferd og reproduksjon hos fjellrev ([Sonne et al. 2017](#)).

Klimaendringar på algar og plankton i Arktis

I 2015 følgde forskingsskipet *Lance* isen sørover frå han fraus til nordvest for Svalbard i januar, og til isen smelta utover våren. Forskinga var i regi av Norsk Polarinstittuts prosjekt [N-ICE2015](#). Underveis samla forskarar frå ti nasjonar og ulike fagfelt data frå Polhavet, drivisen og atmosfæren. Målet var å skjønna korleis klimarelaterte endringar i istilhøve påverkar fysiske og biologiske prosessar i havisen.

Ei rekke forskingsresultat er publiserte etter toktet. [Assmy et al. \(2017\)](#). N-ICE tek for seg observasjon av oppblomstring av plantoplankton under snødekt pakkis nord for Svalbard tidleg i sesongen. Dei fann at det tynne og dynamiske arktiske isdekket med råker gjorde at lys trong ned i havet, slik at plantoplankton blomstra trass i tjukk snø over isen. Desse tilhøva favoriserte vekst av plantoplanktonet *Phaeocystis pouchetii*. Endringar i arts-samsetjinga i plantoplankton, assosierte med tidleg oppblomstring under is, kan ha viktige implikasjonar for styrken av den biologiske karbonpumpa og energioverføring i arktiske marine næringeskjeder.

I tillegg til plantoplankton er isalgar ein viktig primærprodusent i det arktiske næringsnettet. Det er uvisst korleis isalgar overvintrar for så å blomstra påfølgjande vår. [Olsen et al. \(2017\)](#) fann at fleirårig is, på grunn av den karakteristiske fysiske strukturen, kan lagra algceller gjennom vinteren og føra til at nok algar er til stades neste vår for å sikra oppblomstring av isalgar.

Dei siste tiåra har det vore observert ein drastisk nedgang i mengda fleirårig is i Arktis, noko som igjen kan føra til redusert primærproduksjon i form av isalgar. Isassoserte amfipodar er eit viktig bindeledd mellom isalgar og høgare trofisk nivå som fisk, sjøfugl og sjøpattedyr. [Brown et al. \(2017\)](#) brukte IP_{25'} eit forgreina isoprenoid lipid (HBI) som berre vert biosyntetisert av visse arktiske is-algar, for å spora isassosiert organisk materiale i fem ulike is-amfipodar (*Gammarellus wilkitzkii*, *Apherusa glacialis*, *Onisimus nansenii*, *Onisimus glacialis* og *Eusirus holmi*) i området nord for Svalbard.

Verdshava absorberer omrent ein tredjedel av dei menneskeskapte karbonutsleppa til atmosfæren og har ei viktig rolle å spela for å redusera drivhuseffekten. Dagleg vertikal migrasjon av dyreplankton som vert kalla DVM (diel vertical migration), medverkar til auka vertikal transport av organisk materiale, mellom anna CO₂. [Darnis et al. \(2017\)](#) berekna transport av karbon og nitrogen som eit resultat av DVM i Kongsfjorden på Svalbard, og resultata viser at krill utgjer > 90 % av biomassen som utfører DVM og transporterer CO₂ frå overflate til djupare vassmassar.

Hav/oseanografi i Arktis

Nøkkelområda til Polarinstittutet innanfor faget oseanografi er nord for Svalbard og Grønlandshavet/Framstredet. [Koenig et al. \(2017\)](#) har som ein del av N-ICE2015 samla vinterdata med inngangsporten for atlantrehavssinnstrøyminga til Arktis nord for Svalbard med hjelp av IAOOS-is (Ice Atmosphere Ocean Observing System) og havobservatorium. Desse dataa vert brukte til å kalibrera modellresultata frå den operasjonelle hav- og havismodellen Mercator. Modellen viser at den atlantiske innstrøyminga følgjer ulike ruter over og rundt Yermak-platået om vinteren og sommaren.

Ved å samanstille observasjonar av vind, vêr, isrørsler, vertikalblanding, frysing og smelting av is klarte [Fer et al. \(2017\)](#) berekna utviklinga av temperatur og saltinnhald i heile vassøyla. Studien konkluderte med at 90 prosent av auken i saltinnhaldet

i overflatelaget kom av vindgenerert vertikalblanding. Vertikalblandinga gjekk heilt ned til det varme salte atlanterhavsvatnet, og dermed kunne forfattarane forklara kvarfor det vart observert issmelting sjølv midt på vinteren, når lufta er på sitt kaldaste.

[Meyer et al. \(2017a\)](#) gjev ei oppdatert utgreiing av hydrografi og sirkulasjon i Polhavet nord for Svalbard, observert under N-ICE2015. Resultata viser eit overraskande djupt blandingslag om vinteren, truleg på grunn av rask havisdanning i råker. Desse vintermålingane er verdifulle i arbeidet med å betra klimamodellering av eit Arktis i endring. I [Meyer et al. \(2017b\)](#) vert verknaden av ulike faktorar på turbulent blanding og vertikal varmetransport talfesta. Vi fann store varmefluksar sein på våren nær overflata over Yermak-platået. På Yermak-platået er det varme atlanterhavsvatnet nær overflata og aukar varmetransporten i dei øvre vasslagene. Kombinasjonen av stormar og grunt atlanterhavsvatn fører til høge varmefluksar, noko som medverkar til rask havissmelting frå undersida.

I mindre skala målte [Peterson et al. \(2017\)](#) varmetransporten frå vatnet til havisen ved å måla små fluktusjonar i temperatur og virvlar under havisen. Studien fann store variasjonar i varmefluksen. På vinteren over djuphavet er varmefluksen rett nok berre så vidt positiv, men allereie stor nok til å avgrensa frysing av havisen. Stormar blandar opp mykje av varmen og får isen til å smelta i enkelte periodar. Etter kvart som isen møter det varme atlanterhavsvatnet, vert varmefluksen stor nok til å smelta isen på berre nokre få veker når han når iskanten.

Nye resultat frå havobservatorium i Grønlandshavet viser at det kan vera monalege ferskvatnfluksar på sokkelen, og at desse må vera teknisk med i fluksberekingar for heile havstraumen i regionen ([de Steur et al. 2017](#)). Studien viser òg at ein stor virvel i havstraumen klarte snu Aust-Grønlandsstraumen frå sørleg til nordleg retning i nokre veker i november 2011, og førte til at netto ferskvatnfluks for havstraumen var nesten null i denne perioden.

[Randelhoff et al. 2017](#) har sett nærmare på turbulent blanding av vassmassane i havoverflata vest og nord for Svalbard, eit område som omfamar den økologisk viktige, men sårbarle iskantsona.



Studien viser at på grunn av smeltevatnet har vindstyrken lite å seie for blanding på djupner større enn 15–20 meter. Jo raskare isen smelter i løpet av ein sesong, desto grunnare vert sjiktet der vindstyrken kan medverka til auka blanding i overflata. Dette fører til at plantoplankton får tilgang til mindre næring når isen smeltar raskt. Samtidig vil havet òg kunna lagra meir av solenergien, som så kan forseinka frysing av ny havis om hausten.

Atlantifisering av Polhavet

Ved sokkelskråninga nord for Svalbard går ein kraftig straum som fører austover inn i Polhavet. Straumen kjem frå Atlanterhavet og fraktar med seg store mengder varme, næringstoff og organismar. Han er circa 40 km brei og held seg over øvre delen av sokkelskråninga. Analysar viser at straumen er baroklint ustabil, noko som tyder at mindre endringar i til dømes vindfelt, tettleik eller topografi kan gje opphav til virvlar som riv seg laus frå hovudstraumen og går inn over det djupare polbasenget ([Perez-Hernandez et al. \(2017\)](#)). Målingane viser vidare at ein mindre del av straumen held fram inn mot det nordlege Barentshavet, men at det meste av dette vatnet ser ut til å komma tilbake til hovudstraumen utan faktisk å trengja inn i sjølve Barentshavet.

Det går fram i [Polyakov et al. \(2017\)](#) at den store nedgangen i havsdekket i det austlege Polhavet i seinare år i stor grad kjem av varme tilført frå vassmassane under isen. I områda rundt Svalbard har varmt vatn frå Atlanterhavet vore den viktigaste drivkrafta for istapet dei siste tiåra. I Polhavet har minkande isdekke i hovudsak vore forårsaka av atmosfæriske drivkrefter. Nye målingar viser at lagdelinga mellom innstrøymande atlanterhavsvatn og overflatelaget er i ferd med å verta svekt, slik at meir varme kjem opp til undersida av havisen og reduserer frysinga om vinteren. Ei slik «atlantifisering», òg langt forbi innstrøyningsområda i Barentshavet og nord for Svalbard, kan tyda på at det arktiske klimasystemet går over i ein ny fase der atlanterhavsvatnet vil spela ei større rolle i større område.

«Atlantifisering» er òg tema i ein studie av [Wiedmann et al. \(2017\)](#), der det vart vist at ei vidare «atlantifisering» nord i Barentshavet og eventuelt aust- og nordover i Polhavet kan føra til auka primærproduksjon og karbonlagring i område der det ikkje er store tilførlar av ferskvatn frå smelting av havis eller frå kjelder på land.

Havprosessar spelar òg viktige roller nær kysten, til dømes for bresmelting. [Schaffer et al. \(2017\)](#) viser korleis atlanterhavsvatn i Framstredet kan påverka bresmelting ved Nordaust-Grønland. Batymetri-, hydrograf- og fartedata vart målte ved Nioghalvfjerdsfjord-breen (79-breen) på kontinentalsokkelen. Atlanterhavsvatn som kjem frå sør langs norskekysten til området vest for Svalbard, resirkulerer i Framstredet og går inn i ein undersjøisk dal på kontinentalsokkelen. Funn av varmt vatn på under 200 m i den undersjøiske dalen viser store bidrag frå resirkulrande atlanterhavsvatn frå Framstredet. Batymetri i den undersjøiske dalen er djup nok til å gje rom for ein direkte veg for varmt atlanterhavsvatn over kontinentalsokkelen til hòlrommet under 79N-breen. Varmeanomaliar i atlanterhavsvatntemperaturar i Framstredet kan derfor føra til auka basal smeltefart ved 79N-breen.

Nye simuleringar med ein havsirkulasjonsmodell med høg romleg opplysing av Kongsfjorden og sokkelområdet utanfor klarer attskapa innstrøyming av varmt atlanterhavsvatn, sjølv om det ikkje alltid er samsvar mellom kva djupner og eksakt når på året modellen og tidlegare feltmålingar viser slik innstrøyming ([Sundfjord et al. \(2017\)](#)). Det er faktisk størst innstrøyming

Trenden er tydeleg: Det nye isregimet i vår del av Arktis består av stadig meir sommaris med smeltedammar og opne råker. Her er havforskar Arild Sundfjord frå NP i arbeid på isen./*There is a clear trend: The new ice regime in our part of the Arctic consists of increasingly more summer ice with meltwater dams and open leads.*

Oceanographer Arild Sundfjord from the NPI at work on the ice.

Foto/Photo: Jenny Ross, NP/NPI

til indre delane av fjorden om vinteren, sjølv om smeltevatnsvanningen då ikkje er med på å driva sirkulasjonen. Sterkare vind i vinterhalvåret ser ut til å vera den viktigaste drivkrafta for innstrøyming til indre delen av fjorden; endringar i vind styrer òg variasjon i kortare periodar. Ettersom havvatnet utanfor er varmare om sommaren og hausten, er varmetransporten og dermed potensialet for smelting av brefrontar størst i denne perioden.

[Crews et al. \(2017\)](#) kunne visa i ein modellstudie at virvlar er ein viktig mekanisme for å frakta vatn og varme frå den atlantiske innstrøyminga nord for Svalbard og inn i djupare delar av Polhavet. Dette er viktig for utskifting av vassmassar og tilførsel av varme og næringsstoff til indre delane av det eurasiske bassenget i Polhavet, noko som igjen har tyding for havisendringar og økosystemet.

I eit polsk-norsk samarbeid har [Jakacki et al. \(2017\)](#) modellert hydrografien i Hornsund på Svalbard. To ulike sirkulasjonsmønster for høvesvis vinter- og sommartilhøve vart funne. Om vinteren kan sirkulasjonsmønsteret kallast lukka, mens om sommaren forårsakar smeltevatn frå breane at straumtilhøva endrar seg.

Status for sjøsniglar

[Manno et al. \(2017\)](#) har publisert ein oversiktsartikkel, der dei presenterer samla informasjon om den aktuelle statusen for forsking på biologien og økologien til sjøsniglar, og tek omsyn til nye, lovande laboratoriemetodar, framståande instrumentasjon og nye felbaserte metodar. Resultata medverkar til å auka kapasiteten av fastsetjingar av følsemada og motstandsdugleiken til sjøsniglar.

CO₂-fluksar (CO₂-utveksling)

[Fransson et al. \(2017\)](#) N-ICE2015 studerte utveksling av CO₂ (CO₂-fluksar) mellom atmosfære, havis og osean ved ulike årstider i Arktis. Det kom fram av studien at det er nokså ulike prosessar som er viktige for CO₂-fluksar, avhengig av om det er ein sommar- eller vintersituasjon. Om sommaren speler den biologiske aktiviteten ei viktig rolle, mens om vinteren er havidekket viktig, ettersom han hindrar fluksane.



Forskarar i arbeid på isen under N-ICE2015-toktet i Polhavet vinteren, våren og forsommaren 2015. No ligg det føre forsking frå toktet som viser store endringar i korleire varmeperdiane varer og kor ofte dei skjer på vinterstid i Polhavet. / *Researchers at work on the ice during the N-ICE2015 cruise in the Arctic Ocean in winter, spring and early summer 2015. Research from the cruise has been conducted that shows major changes in the length and frequency of warm spells on the Arctic Ocean. Foto/Photo: Frede Lamo, NP/NPI*

Status og utvikling for havisen

Havisen i Arktis, slik han var i 2016 og utvikling over tid, vart omtalt i eit delkapittel ([Perovich et al. 2017](#)) i ein omfattande publikasjon (State of the Climate 2016) om årleg status for verds-klimaet. Viktige trekk i utviklinga er at trendane er negative for issutbreiinga og istjukkleiken, og at havisen i gjennomsnitt vert yngre.

For å studera isrørsler og deformasjon plasserte [Itkin et al. \(2017\)](#) ut eit nettverk av bøyar som mellom anna sende nøyaktig posisjon. Områda der bøyene vart plasserte, var omrent 50 km i diameter. Verdiane av total isdeformasjon som vart målte, er høgare enn tidlegare måltar i Polhavet. [Itkin et al. \(2017\)](#) fann ut at den yngre og tynnare arktiske havisen vert meir deformert, og dei vert øydelagde/svekte av vinterstormane. Dette aukar smeltinga og reduserer sjøisdekket i iskantsona, t.d. i Barentshavet og Framstredet.

Havisdeformasjon vart òg studert under N-ICE 2015 med hjelp av skipsradarmålingar ([Oikkonen et al. 2017](#)). Målingane viser mellom anna at deformasjonsfarten auka når forskingsskipet *Lance* nærma seg iskantsona. Djupt i pakkisen oppstod det svært høg deformasjonsfart berre når det var høg vind- og drift fart, mens i iskantsona vart deformasjon òg funne under rolege tilhøve.

Ein studie om havistjukkleik frå den nordvestlege delen av Barentshavet viser at istjukkleiken kan variera mykje frå år til år ([King et al. 2017](#)). I 2003 dominerte is som hadde fryst til andre stader for så å verta transportert til Barentshavet. Hovuddelen av isen var meir enn to år gammal, med ein gjennomsnittleg tjukkleik på 1,4 meter. I 2014, derimot, var havisdekket hovudsakleg danna i regionen, og isen hadde ein gjennomsnittleg tjukkleik på berre 0,7 m. Dei to observerte istjukkleiksscenarioa representerer to ytterpunkt av ei rekke moglege istjukkleiksfordelingar som speglar svært ulike tilhøve i klimasystemet.

[Itkin og Krumpen \(2017\)](#) har med hjelp av undersøkingar av istjukkleik frå lufta over pakkisområda i det sør austlege Laptevhavet vist at år med offshore-retta havistransport har ein tynningseffekt på det seine vinterisdekket. Den tynne isen er meir utsett for smelting om sommaren. Som ein konsekvens vert området isfritt tidlegare i sesongen.

[Taskjelle et al. \(2017a\)](#) har brukte lysmålingar frå både over og under havisen nord for Svalbard i juli-august 2012 for å sjå om ein type relativt enkel strålingsmodell som ofte vert brukti i klimamodellar, kan handtera den svært varierande overflata som smeltande havis presenterer. Resultata viser at modellen ikkje fungerer bra nær grensene mellom kvit is og smeltedammar.

Snø på havis

Nye data samla inn under N-ICE2015-prosjektet viser variasjon av snø på havis i rom og tid. To studiar av [Merkouriadi et al. \(2017a\)](#) og [Gallet et al. \(2017\)](#) viser at snøen på havis i området nord for Svalbard var tjukkare enn venta vinteren og våren 2015. Fysiske eigenskapar endra seg veldig raskt i løpet av første halvåret 2015, med viktige effektar for energioverføringa mellom hav og atmosfære. Snøen var òg relativt varm og nær smeltpunktet så tidleg som i juni. Dette er ei direkte følgje av varmt vêr nord for Svalbard.

For første gongen vart det vist at tjukt snødekket på isen i Polhavet nord for Barentshavet avgrensar isveksten på vinteren ([Merkouriadi et al. \(2017b\)](#)). Dette kjem av fleire lågtrykk som rører seg inn i Polhavet som gjev mykje nedbør og medverkar til eit tjukt snødekket på isen.

For å finna ut meir om korleis snøen på havisen kan medverka til isvekst, samla [Granskog et al. \(2017\)](#) isprøver frå havisen nord for Svalbard. Isprøvene vart analyserte for å identifisera lag av snøis. Dette er blant dei første isprøvene som er samla i det sentrale Polhavet. Forskarane slår fast at når isen er monaleg



Forskar Ioanna Merkouriadi
frå NP var førsteforfattar i ein
N-ICE2015-studie om observas-
jonar på at snøis skiplar veksten
av havisen./*Researcher Ioanna
Merkouriadi from NPI is the
principal author of a N-ICE2015-
study that published the results
of observations that snow ice
was disturbing sea ice growth.
Foto/Photo: Elin Vinje Jenssen,
NP/NPI*

tynnare enn tidlegare, vert danninga av snøis veldig viktig. 10 prosent av massen til havisen kan vera frå snø, og opp til 30 prosent av istjukkleiken kan koplast til danning av snøis. Dette er ein monaleg del og viser at prosessane rundt danninga av havis har endra seg.

[Provost et al. \(2017\)](#) studerte òg snøisdanning på overflata av havisen på ekspedisjonen. Fire autonome instrument dokumenterte oversvømmingar og snøisdanning i to separate hendingar. Begge flaumhendingane resulterte i danning av eit snøislag på minst 6–10 cm tjukkleik på både andre- og førsteårsis. Slike prosessar kan vera meir hyppige i framtida i Atlanterhavet, der winterstormane med monalege nedbørsmengder har vorte vanlegare dei siste tiåra.

Havismålingar frå satellitt

SAR står for «syntetisk apertur-radar» og beskriv aktiv mikrobølgjeradar som spesielt vert brukt ved fjernmåling frå fly og satellittar. [Johannson et al. \(2017\)](#) har samanlikna korleis havisen blir vist i X-, C- og L-bandet i SAR-satellittbilete som er tekne over same staden. Det vart brukt flyfoto, havistjukkleiksdata og overflateujamnskapdata innhenta i løpet av N-ICE 2015-ekspedisjon for å identifisera eigenskapane til isen som forårsakar ulike mønster i satellittdata. Nydanna havis viste seg å forårsaka ein monaleg respons i L-bandet til SAR, og det vart òg vist at overflateujamnskap og snøeigenskapar kan ha ein sterke innverknad på radarresponsen enn istjukkleiken i seg sjølv. Resultata komplementerer overvakning og prosesstudiar knytte til havis, og bruk av satellittdata for operasjonelle tenester.

Ein studie av [Fors et al. \(2017\)](#) undersøkjer potensialet for å berekna estimat av smeltedamsdekning på førsteårsdrivis frå data frå X-bandet til SAR. Analysane har vist signifikante relasjoner mellom smeltedamsdekninga og dei polarimetriske overflate-eigenskapane, men samanhengen varierte vesentleg avhengig av vindfart og SAR-innfallsinkel. Trass i desse avgrensingane antydar studien nye høve for estimat av smeltedamsdekning ved bruk av X-båndet til SAR, som igjen kan gje høve for betra overvakning av smeltedammar på drivis i framtida.

[Ricker et al. \(2017\)](#) presenterte det første kombinerte satellitbaseerte havistjukkleksdataproduktet. To ulike satellittar vart brukte, CryoSat-2 og SMOS. Resultata viser at det spelar ei viktig rolle kva type datahandsamingsmetode som vert brukt, og på kva måte data frå to ulike satellittar vert kombinerte. Resultatet kan òg brukast som utgangspunkt for kombinasjon av data frå andre satellittsensorar til nye produkt som viser meir enn resultata frå dei enkelte satellittane.

[Rösel et al. \(2017\)](#) viste at lokale, bakkebaserte sjøisobservasjonar og luftborne målingar for visse regionar og årstider kan utvidast regionalt med hjelp av satellittdata. Men meir forsking er nødvendig for å testa tilsvarannde prosedyrar for ulike regionar og årstider.

[Negrel et al. \(2017\)](#) undersøkte og skildra høva for kartlegging av havis med enkle GPS-mottakarar. Feltarbeidet i

Kongsfjorden på Svalbard vart brukt som eit høve til å samla GPS-data og samanlikna denne informasjonen med satellitt-baserte radarbilete.

Ein annan studie frå same regionen, Kongsfjorden og Ny-Ålesund ([Peraza et al. \(2017\)](#)), brukte GNSS (GPS)-satellittsignal til å undersøkja i kva grad informasjon om overflateeigenskapar kan skaffast frå GNSS-signalrefleksjonar. Signalkarakteristikk viste skilnad for ulike overflatetypar som havis, ope vatn, tundra og isbre, noko som kan føra til bruk av metoden i samanheng med framtidig miljøovervakning.

Klima- og atmosfærrestudiar

To studiar frå 2017 viser korleis tidleg oppblomstring av plankton i eit isdekt område påverka lystilhøvet under havisen [Assmy et al. \(2017\)](#). [Taskjelle et al. \(2017b\)](#) brukte målingar utførte før og under oppblomstringa saman med ein numerisk modell for å visa at i dei øvste 10 meterane vart rundt 35–40 prosent meir energi absorbert under planktonoppblomstringa enn før. Dette gjer at meir energi kan vera lettare tilgjengeleg for smelting av sjøis under ei planktonoppblomstring. [Pavlov et al. \(2017\)](#) viste at den auka lysspreiinga som planktona foret til, kan fanga meir lys nær isunderflata (lyset vert reflektert fleire gonger mellom det øvste vasslaget og isen) og dermed gje auka høve for fotosyntese på undersida av isen, der det veks isalgars. Dei peika òg på at oppblomstringa endra lystilhøvet på ein måte som gjer det veldig viktig å bruka ulike måleteknikkar for biologiske og fysiske studiar.

Biooptiske målingar viser at snø, CDOM (colour dissolved organic matter) og algbiomasse påverkar lysgjennomstrøminga i sjøis ([Kauko et al. 2017](#)). I pakkisen har råkene ein viktig funksjon for å sørja for at nok sollys slepp gjennom til å initiera planktonvekst, særleg i område med tjukt snødekke. Data samla inn under N-ICE2015 har vorte brukte til å testa ut ein havismodell, «Los Alamos Sea Ice Model», som ser på effekten av endringar i fysiske, biologiske og kjemiske prosessar ([Duarte et al. 2017](#)). Modellen er i stand til nøyaktig å føreseia istjukkleiken, temperaturen og saltinhaldet til havet for ein periode på fleire veker, men han er ikkje like nøyaktig for biologiske variablar.

[Cohen et al. \(2017\)](#), [Kayser et al. \(2017\)](#) og [Walden et al. \(2017\)](#) gjev saman ei oversikt over tilstanden til atmosfæren og endringar frå den mørke vinteren til tidleg sommar. Dei undersøkjer alt frå vær på isoverflata, til vær og stabilitet gjennom dei lågaste 10 km av atmosfæren til værmønster i stor skala som driv dei lokale endringane, og til det endelige resultatet desse har på oppvarming eller nedkjøling av overflata. Alle tre studiane samanliknar observasjonar gjorde nord for Svalbard i 2015 med dei som vart gjorde nord for Alaska i 1998 under SHEBA-ekspedisjonen. [Graham et al. \(2017a\)](#) viste at begge ekspedisjonane fann at det i begge områda som oftast er kaldt med skyfri himmel eller eit høgt, tynt skydekk, og at det elles er mykje varmare med eit lågt, tjukt skydekk. Det er uvanleg å finna temperaturar midt imellom desse to ytterpunktta eller å ha delvis skya opphaldsvær som varer lenge. At dette mønsteret held på to veldig ulike område i Arktis og både før og etter ein lang periode prega av store klimaendringar i Arktis, viser at det er eit viktig og varig klimamønster over heile Arktis.

Andre vær- og klimastudiar knytte til N-ICE2015 fokuserte meir på lengre periodar og koplingar mellom Arktis og middelbreiddegradar. Vinteren 2015 nord for Svalbard vart prega av mange kraftige lågtrykksystem som transporterte varm og fuktig luft opp til området. Slike stormar førte til at temperaturar nær is-overflata auka monaleg, ofte frå under -30 til omtrent null grader i løpet av eit par dagar. [Graham et al. \(2017b\)](#) viste at slike varmeperiodar om vinteren i Arktis har vorte observerte gjennom historia, heilt tilbake til Nansens ekspedisjon med Fram, men at dei i løpet av dei siste tiåra har skjedd oftare og vart lengre enn tidlegare.

[Rinke et al. \(2017\)](#) så på endringar i lågtrykksystema som fører til slike oppvarmingar og viste at frå 1979 til 2015 var det ein monaleg auke i talet på dagar med ekstreme lågtrykksystem i det arktiske området rundt Svalbard om vinteren, særleg i november og desember. [Sato et al. \(2017\)](#) så på korleis vêrmodellar som vert brukte til å laga vêrmeldingar i Nord-Amerika og Aust-Asia, vert påverka av ekstra observasjonar frå Arktis. Dei fann ut at vêrmeldingar for to kraftige vinterstormar som påverka Japan og USA i februar 2015, vart monaleg betra når ekstraobservasjonar frå vêrballongar i Arktis (frå N-ICE2015 og nokre bakkestasjonar) vart inkluderte i modellen.

Isbrestudiar frå Arktis

Glaasiologiske studiar på Svalbard omfattar massebalansen til fleire isbrear. Dette er òg ein del av Polarinstittutts datasett knytt til MOSJ-indikatorer, og studiar av snø og iskjernar.

[Massebalansen til breane i Kongsfjorden](#) har variert meir enn normalt dei siste fem åra, med både nokre svært negative år (2011 og 2013) og eit sjeldan positivt år i 2014, på grunn av snøfall i sommarsesongen som gjev høgare refleksjon (albedo) av innkommande solstråling og mindre smelting. I 2015 var massebalansen moderat negativ, og i 2016 veldig negativ. Massebalansen var rekordlåg på dei små breane på Brøggerhalvøya, den mest negative i den 50 år lange tidsserien.

[Massebalansemålingane frå Austfonna](#) viser liknande variasjonar som frå breane i Kongsfjorden, med 2013 som det mest negative året sidan målingane starta i 2004. Feltmålingar frå april 2017 viste at vinterakkumulasjonen for året var omtrent på normalnivå, og at massebalansen i 2016 var moderat negativ etter eit år med både mykje vintersnø og stor sommarsmelting. Den surgande delen av Austfonna, Storisstraumen, er enno svært aktiv, men farta har gått ned og fronten har ikkje rykt lenger fram sidan 2015.

Ein studie frå Grønland publisert i Nature Communications viser at breane har minka sidan 1960-talet, og at massetapet har auka monaleg dei siste to tiåra ([Noël et al., 2017](#)). Det er ikkje berre på grunn av auka smelting, men òg fordi snølagga i dei øvre delane av breane er reduserte og fortsett slik at dei ikkje lenger klarer absorbera smeltevatn på sommaren. Det gjer at smeltevatnet i staden renn av breane og ut i havet. Funna står i kontrast til imlandsisen der det enno er eit stort absorpsjonspotensial av smeltevatn i dei tjukke snølagga.

Resultat publiserte av [Kulessa et al. \(2017\)](#) og [van As et al. \(2017\)](#) medverkar til auka kunnskap om smelting og avrenning frå isen på Grønland. Slik kunnskap er viktig for å klara kvantifisera Grønlands framtidige bidrag til havnivåstigning. Ein annan studie frå Grønland publisert i [Grey et al. \(2017\)](#) medverkar til kalibrering av satellittaltimetri for betre fastsetjing av høgdeendringane på isbrear og gje verdiful informasjon om smeltetilhøva både på Grønlandsisen og isbrear andre stader.

[Berkart et al. \(2017\)](#) viser albedo-målingar frå eit UAV-system floge over snø nær forskingsstasjonen Summit på Grønland, for å evaluera kor nøyaktige og variable tilsvarande målingar med den optiske satellittsensoren MODIS er. Samla sett viser undersøkingane at UAV-plattformen er godt eigna for å samla inn reflektansomålingar og gje eit påliteleg estimat av variabiliteten til område som Summit.

Med bruk av ein bremassebalansmodell finn [Østby et al. \(2017\)](#) at nettobalansen for heile Svalbard i perioden 1957–2014 var svakt positiv, 8,2 cm vasekvivalent per år over heile øygruppa. Men trenden er negativ for den siste 10-årsperioden for modellen (2004–2013), der massebalansen var -21 cm vasekvivalent per år. Når vi inkluderer brekalving, er samla massebalanse for Svalbard -39 cm vasekvivalent per år.

[Vallot et al. \(2017\)](#) bruker fartedata frå Kronebreen i Svalbard i ein bremodell til å berekna endringar i basalfrikasjon. Arbeidet finn at ein ikkje bør bruka friksjonspараметriseringar som er

konstante i rom eller tid til å modellera isbrear som har sterke variasjonar i mengda vatn som renn i og under isen. Dette er særleg viktig med tanke på resultat frå bremodellar som er påverka av klimaendringar.

[Välisuo et al. \(2017\)](#) bruker endringar i bretopografien på Midtre Lovénbreen, Svalbard, over tid til å estimera massebalanse ved bruk av ein isrørslemodell. Denne metoden gjer det mogleg å estimera massebalansen over heile isbreen, og ikkje berre der feltmålingar er føretakne.

I ein studie av [How et al. \(2017\)](#) vert det brukt diverse data frå Kronebreen i Svalbard til å dokumentera endringar i brehydrologen. Resultata viser at hydrologisystemet er veldig dynamisk og påverkar i stor grad glidefarta til breen.

I [Fürst, et al. \(2017\)](#) blir det presentert ein to-stegs rekonstruksjonsteknikk som bereknar tjukkleksfeltet til ein isbre ut frå tilgjengelege bedata og differensiallikningar for kontinuitet av masse. Metoden er testa på ulike typar brear på Svalbard, og resultata viser at metoden gjev realistiske tjukkleiksestimat i område utan målingar innanfor ein feilmargin på circa 25 prosent av tjukkleiken. Dette er viktige funn for å kunna modellera framtidsutviklinga av slike brear, og metoden kan seinare nyttast i regional skala der gode data er tilgjengelege for topografi, massebalanse og brørørsle.

I [Barbaro et al. 2017](#) vurderer ein korrelasjonen mellom konsentrasjonen av klorofyll-a, ein markør for marin primærproduksjon, og aminosyrer i ein firnkerje som vart bora i april 2015 frå toppen av isbreen Holtedahlfonna på Svalbard. Med ein ny analysemethode vart ulike aminosyrer detekterte i arktiske snø- og firnprøver. Aminosyrene viser sesongvariasjon med høgare konsentrasjon i løpet av våren og sommaren. Samanheng mellom konsentrasjonen av aminosyrer i isprøvene og klorofyll i dei omkringliggjande havområda viser stort potensial for bruk av aminosyrer som indikasjon på marin primærproduksjon i paleoklimatiske studiar med iskjernar.

Klimasvar i kiselalgar

Den første publiserte kvantitative rekonstruksjonen av havoverflatetemperaturar frå Svalbard basert på kiselalgar vart publisert av [Oksman et al \(2017a\)](#). Studien viser at dei kalde og stabile havtilhøva i Nord-Svalbard skifta til tydelegare svingande tilhøve for 2500 år sidan, og ein klar auke i påverknad av atlantterhavsvatn skjedde dei siste 600 åra.



Havforskarane Arto Miettinen (t.v.) og Dmitry V. Divine frå NP var medforfattarar av den første kvantitative rekonstruksjonen av havoverflatetemperaturar frå den sentrale austlege Baffin Bay for perioden 14 000–10 200 år sidan, basert på kiselalgar./
Oceanographers Arto Miettinen (left) and Dmitry V. Divine from NPI co-authored the first quantitative reconstruction of sea surface temperatures in the central eastern Baffin Bay between 14,000 and 10,200 years ago, based on diatoms.

Foto/Photo: Elin Vinje Jenssen, NP/NPI



Pelsselar (biletet), pingvinar og andre fugleartar er overvakte på Bouvetøya sidan 1990-talet. Før jul 2017 reiste ei gruppe på fem på nytt forskingsopphold til denne vêrharde øya i Sørishavet./*Fur seals (photo), penguins and other bird species have been monitored on Bouvetøya since the 1990s. Before Christmas 2017 a five-person group embarked on another research trip to this weather-beaten island in the Antarctic Ocean.* Foto/Photo: Tor Ivan Karlsen, NP/NPI

[Oksman et al. \(2017b\)](#) presenterte den første kvantitative rekonstruksjonen av havoverflatemperaturar frå den sentrale austlege Baffin Bay for perioden 14 000–10 200 år sidan, basert på kiselalgar. Rekonstruksjon dekkjer dermed heile den kalde perioden Yngre Dryas. Data viser, i motsetnad til atmosfærisk nedkjøling over Grønland, varmare havoverflatetilhøve enn det tidlegare er rekna med i Baffin Bay, og dessutan sterkt samspele mellom havet og den vestgrønlandske ismarginen under Yngre Dryas. Trass i kalde atmosfæriske temperaturar trekte ismarginen av Jakobshavn Isbræ (som er ein av dei største isstraumane på Grønland) seg tilbake under Yngre Dryas, og eit varmare hav spelte ei viktig rolle i denne retteten. Desse varmare havtilhøva vart forårsaka av auka tilstrøyming av vatn frå Nord-Atlanteren, kombinert med styrkte årstidsvariasjonar, som vart drivne av aukande solinnstråling. Forskinga understrekker kva havet har å seiia for isstabilitet under den pågående klimaoppvarminga, og at oppvarming av havet kan føra til intensiv tilbaketrekking av dei polare isbreane.

Til Bouvetøya for å studera dyrelivet

På tampen av året reiste eit team på fem på to månaders feltarbeid til det som vert omtalt som den mest isolerte øya i verda, Bouvetøya, i regi av Polarinstittutts forsking på sel og pingvinar. Bouvetøya er norsk biland og ligg mellom Sør-Afrika og Antarktis. Det meste av øya er dekt av is, og det bur rundt 70 000 selar på stredene på øya. Norsk Polarinstittut har forska og overvakt sel, pingvinar og andre fugleartar på øya sidan 1990-talet. Teamet skulle bu i feltstasjonen som vart sett opp i 2014, etter at dei førre vart blåsne i stykker eller rasa i havet. Med seg til Bouvetøya hadde feltteamet også mobile jordskjelvmålarar frå NORSAR som dei skal plassera på eigna stader på øya. Dette vert første gongen at det skal målast jordskjelv frå Bouvetøya med moderne, digitale instrument. Jordskjelvmålarane skal kun-

na registrera alle rørsler i bakken og i jordskorpa under havet over enorme avstandar.

Fortidsklima

Ved å undersøkja klimaendringane i fortida (paleoklimatisk forsking) kan vi etablira grunnlinjeverdiar og finna grensene for naturlege variasjonar. Den paleoklimatiske forskinga i Arktis består av studiar av både iskjernar og marine sedimentkjernar. Klimarekonstruksjonar er nøkkelen for å setja oppvarming i den industriell æraen i samanheng med naturlege klimavariasjonar. Norsk polarinstitutt har delteke i ei internasjonal ekspertgruppe som har sett saman ein database av temperaturkjenslege fortidsdata, som viser dei globale endringane dei siste 2000 åra. Databasen ([PAGES 2ka Consortium 2017](#)) består av data frå 648 stader, inkludert alle kontinentale regionar og store havbasseng. Data kjem frå tre, is, sediment, korallar, speleotemar og frå ulike typar historisk dokumentasjon. Dei varierer i lengd frå 50 til 2000 år, med ein median på 547 år, mens tidsmessig opplysing varierer frå annakvar veke til 100 år.

Enkelte globalt samansette tidsseriar viser ein iaugefallande grad av samanheng mellom høg- og lågoppløyste dataarkiv, på tvers av arkivtypar, og terrestriske og marine lokalitetar. Databasen er eigna for undersøkingar av globale og regionale temperaturvariasjonar over dei siste 2000 åra og er eit viktig bidrag til klimaforskinga.

Ein studie av [Laberg et al. \(2017\)](#) har undersøkt dynamikken i isdekket over Grønland under avslutninga av den siste istida. Nye resultat baserte på detaljert kartlegging av havbotnen, havdjupn og havbotninformasjonar viser at den nordaustlege delen av isdekket over Grønland gjekk heilt ut til eggakanten under den siste istida. Dette viser at isdekket i denne delen av Grønland var

større under den siste istida enn tidlegare rekna med og kan ha medverka med meir smeltevatn enn tidlegare rekna med i denne perioden. Studien viser òg for første gongen moreneryggjar på havbotnen i dette området, noko som gjorde at isen ikkje flaut som ein isbrem, men gjekk ned til havbotnen og trekte seg stegvis tilbake. Denne nye kunnskapen vil medverka til å kunna laga meir presise klimaprognosar.

Undersøkingar av «biomarkørar» frå sjøisalgar og fossilt plankton gjennom dei siste cirka 11 000 åra i ein sedimentkjerne frå sør for Kong Karls Land i Barentshavet viser utviklinga av sjøis vår og sommar i tillegg til overflatetemperatur i havet ([Berben et al. 2017](#)). Studien fortel om ei endring frå korte vårsesongar med sjøis følgde av lange sommarperiodar til lange vårsesongar med mykje sjøis for cirka 8000 år sidan. Ei vidare endring skjedde for cirka 5000 år sidan, då vårsesongane med sjøis vart endå lengre, og iskanten strekte seg lenger sør for Kong Karls Land. Denne kunnskapen om sjøisdekket i fortida vil verta brukt til å etablera naturlege grunnlinjeverdiar og variasjonar i Barentshavet, og detaljane om sesong vil hjelpe til å kunna laga meir presise klimaprognosar.

Fortidas havoverflatetemperaturar i juli og haviskonsentrasjonar i april vart kvantitativt rekonstruert for Diskobukta, Vest-Grønland, for dei siste 11 000 åra ([Krawczyk et al. 2017](#)). For tidleg holocen viser resultata tydeleg korrelasjon med klimamønster identifiserte i iskjernedata frå Grønland. Ein reduksjon i havutbreiinga i april og havoverflatetemperaturen i juli for cirka 8000–3000 år sidan indikerer meir stabile vår- og sommartilhøve i området i perioden «Holocene Thermal Optimum». I den siste 2000-årsperioden vart høge haviskonsentrasjonar observerte for april i klimaanomalien i middelalderen mellom 800 og 1300 e.Kr, mens høgare havoverflatetemperaturer i juli rådde i den lille istida 1300–150 e.Kr. Desse observasjonane støttar tidlegare identifiserte motsette tilhøve mellom overflatetevn i området mellom Vest-Grønland og den nordvestlege subpolare Nord-Atlanteren på den eine sida og klimaet i det nordvestlege Europa på den andre.

[Dijkstra et al. \(2017\)](#) analyserte foraminiferar (mikroskopisk dyr med kalkskjell som lever på havbotnen) og forureining i botnsediment i hamna i Hammerfest. Ut frå målingane av metall og forureining kan dei økologiske tilhøva i botnsedimenta karakteriseraast som moderate til därlege.

Ein studie frå ein fjord på Nordaust-Grønland viser at ulike observasjonar av biologisk produksjon reflekterer næring og annan påverknad av havbotnmiljøet som til dømes avløp frå elvar ([Ribeiro et al. 2017](#)). Ved å undersøkja endringar av biologisk produksjon i notid og fortid kan vi få meir informasjon om kor fort det marine miljøet endrar seg, og kor mykje som kan endrast på grunn av klimaendringar.

I Arktis er det observert redusert sjøis, mens det i enkelte delar av Antarktis er observert aukande sjøis. Ein studie har undersøkt biomarkørane og andre biogeokjemiske parametrar knytte til algar frå Svalbard og Sør-Georgia. Ved å undersøkja biomarkørar i notid og fortid kan vi få meir informasjon om kor fort og kor mykje sjøisdekket kan endra seg under klimaendringar ([Belt et al. 2017](#)). Kunnskapen vil verta brukt til å etablera naturlege grunnlinjeverdiar og variasjonar for sjøis og vil medverka til auka forståing av klimaet.

Sporingsdata frå antarktispetrell

I polare, isdekte havområde i Arktis og Antarktis vert utviklinga til pelagiske økosystem trigga av issmeltinga om våren, etterfølgd av algeoppblomstring, beiting og utvikling av dyreplankton og tilstrøyming av ulike marine predatorar. [Fauchald et al. \(2017\)](#) kombinerte fire års sporingsdata frå antarktispetrell med fjermålingsdata av havis, og påviste auka leiteaktivitet etter mat i område der isen smelta. Desse endringane kan relaterast til utbreiinga av hovudføda, antarktisk krill.



Sporingsdata frå antarktispetrell viste auka leiting etter mat i område der havisen smelta./*Tracking data from Antarctic petrels showed increased foraging activity where the sea ice had melted.* Foto/*Photo:* Sébastien Descamps, NP/NPI

Antarktispetrellar og næringssøk

I polare, isdekte havområde i Arktis og Antarktis vert utviklinga til pelagiske økosystem trigga av issmeltinga om våren, etterfølgd av algeoppblomstring, beiting og utvikling av dyreplankton, og tilstrøyming av ulike marine predatorar. [Fauchald et al. \(2017\)](#) kombinerte fire års sporingsdata frå antarktispetrell med fjermålingsdata av havis, og påviste auka søkeaktivitet i område der isen smelta. Desse endringane kan relaterast til utbreiinga av hovudføda, antarktisk krill.

Næringsstoff i den antarktiske isen

Mikrobiologisk aktivitet i pakkis er effektiv i bruk av næringstoff, viser studiar av iskjernar som vart samla inn, kutta i bitar, smelta og analyserte ([Fripiat et al. 2017](#)). Studiar viser at mikrobiologisk forbruk av næringstoff i havet kan gå føre seg på ulike måtar, og dei gjev auka kunnskap om prosessar i den antarktiske pakkisen og medverkar til at ein kan ta betre omsyn til produksjon av isalgar i prosessmodellar.

Glasiologi i Antarktis

I ein ny studie av [Thomas et al. 2017](#) vurderte forskarane variabiliteten i SMB (overflate-vekt-balansen) i ulike regionar i Antarktis i løpet av dei siste 1000 åra. I alt vart det brukt data frå 80 ulike firn (snø som er eldre enn eitt år) og iskjernar frå sju geografiske område frå dei kystsonene der SMB er relativt høg.



MADICE-konvoien kører over Nivilisen isbrem i Dronning Maud Land. Ein adeliepingvin kjem òg til syne i landskapet./The MADICE convoy drives over the Nivilisen ice shelf in Dronning Maud Land. An Adelie penguin appears on the landscape. Foto/Photo: Geir Moholdt, NP/NPI

Resultata frå samanstillingane vart evaluerte mot SMB frå to ulike modellar. Med unntak av kysten langs Weddellhavet er det bra samsvar. Studien legg vekt på tydinga av kystsoner med låg høgd, som har vore underrepresenterte i tidlegare undersøkingar av SMB.

Klimaendringane i Antarktis er framleis därleg gjorde rede for på grunn av avgrensingar i direkte klimaobservasjonar både i tid og rom. Innanfor ramma av arbeidsgruppa PAGES Antarctica 2k har ein sett saman ein utvida database med stabile vassisotopar frå 112 iskjernar frå Antarktis ([Stenni et al. 2017](#)). Desse dataa er kvantitativt vurderte som endringar i lufttemperaturar dei siste 2000 åra fordelte på sju klimatiske regionar på det antarktiske kontinentet. Sidan 1900 er det identifisert monalege oppvarmingstrendar for Vest-Antarktis, kysten på Dronning Maud Land og Antarktishalvøya. Ingen signifikante endringar vart oppdagata i andre regionar. Det er observert generelt stor variabilitet i lufttemperatur i Antarktis, og derfor er dei identifiserte trendane ikkje unike.

[Drews et al. 2017](#) viser at bidraget frå Antarktis til havnivåendringar er sterkt avhengig av tilstanden til dei flytande isbremmane rundt innlandsisen som bremsar ned isrørsla mot kysten. Nye studiar viser at langsgåande formasjonar i rørslerettinga til isbremmane ofte reflekterer oppovervend kanalar på undersida der sjøvatn vert sirkulert. Mange av desse kanalane strekk seg heilt tilbake til der isen vert løfta av berggrunnen, og det har vorte foreslått at dei er danna frå utstrøyming av ferskvatn under innlandsisen. I denne studien vart detaljerte felldata presenterte, og dei stadfestar observasjonen. Kanalane under innlandsisen utvidar seg når dei nærmar seg utløpet under isbremmen, og vasstraumen bremsar samtidig ned og set av sediment på botnen. Dette er første gongen at denne landskapsdannande prosessen er observert direkte under ein aktiv innlandsis, og den observerte eskaren er fleire gonger større enn det som er vanleg i postglasiale landskap (eskurar er ryggar av grus, sand og stein deponerte i tunnelar under isen av smeltevatn).

[Goel et al. \(2017\)](#) har undersøkt iskollen Blåskimen som ligg ved isbremmen Fimbulisen nær den norske forskningsstasjonen Troll. Føremålet var å avgjera topografien, massebalansen (snøakkumulasjonen) og isrørsla til iskollen. Resultata viser at iskollen har vore stabil i minst 600 år, og at han har vorte 1–4 meter tjukkare det siste tiåret. Dette er ein del av eit større prosjekt for å studera iskollar i Dronning Maud Land. Dataa som vert presenterte i

artikkelen, gjev oss høve til å studera korleis denne iskollen har utvikla seg gjennom årtsuse, og kor kjenslevar han er for framtidige klimatiske endringar i atmosfæren og havet.

[Forsberg et al. \(2017\)](#) presenterte dei første karta av gravitasjon, magnetisme og istjukkleik/berggrunnstopografi for Recoverybreen. Flymålingar vart gjorde med utgangspunkt i mellom anna den norske Trollstasjonen og ein feltleir operert av Norsk Polarinstitutt. Resultata viser at både dalformasjonar og vasstilgang under isen medverkar til raskare brerørslle. Mangel på slike data har tidlegare gjort det vanskeleg å modellera isdynamikken i denne regionen, men ved å bruka dei nye og nøyaktige dataa som referanse vil det no vera mogleg å gjera dette på ein realistisk måte.

[Bromirski et al. \(2017\)](#) viste at tsunamibølgjer kan påverka stabiliteten til isbremmar som fører til brot i isen, og derfor er førekomsten av desse lange bølgjene ein viktig faktor som må takast med i vidare studiar av isbremmar.

MADICE

Det norsk-indiske glasiologiprosjektet [MADICE](#) var på sin andre feltkampanje i november–desember 2017 ved isbremmen Nivilisen i Dronning Maud Land i Antarktis. Den indiske stasjonen Maitri vart brukt som utgangspunkt for ein forskingstravers over Nivilisen til to iskollar der det vart henta ut ein djupare iskjerner i 2016 og ein i 2017 (cirka 150 m djup). I tillegg til iskjerneboring målte forskarane fleire radar- og GPS-profilar av istjukkleik, snø- og islag, overflate- og botntopografi, og dessutan høgdeendringar og validering i høve til satellittdata. Prosjektet arrangerte òg ein sommarskule ved det indiske Antarktis- og havforskingssinstituttet NCAOR i Goa.

Operasjon og logistikk



Tilsette frå Polarinstitutt samla seg hausten 2017 føre Framsenteret for å vinka til *Lance* då skipet segla forbi på si siste reis i instituttets eige./*Employees from the NPI gathered in front of the Fram Centre to wave goodbye to Lance as the vessel sailed past on its last voyage under the ownership of the NPI.* Foto/Photo: Lawrence Hislop, NP/NPI

Siste reis med FF *Lance*

Norsk Polarinstitutt fekk forskingsfartøyet *Lance* ankra opp for siste gongen i vår eige hausten 2017. Dette vart markert ved at tilsette samla seg føre Framsenteret for å vinka til skipet då det segla forbi inn til Dampsksipskaia i Tromsø. Seinare på dagen var det markering om bord på skipet med talar og kake. Til stades var noverande og tidlegare mannskap på *Lance*, tilsette frå Northshore AS, Polarinstituttet og representantar frå samarbeidande institusjonar.

Lance var opphavleig eit selfangst- og fiskefartøy. I 1981 vart skipet kjøpt av Sjøkartverket, og bygd om for sjømåling, forsking, ekspedisjonsverksemd og oljevern. I 1992 vart skipet kjøpt av Polarinstituttet. I vår teneste har skipet gjennomført talrike tokt i Arktis og ført tre ekspedisjonar til Antarktis. Vinteren 2015 demonstrerte *Lance* styrken sin under det spektakulære innfrysingstoktet i Polhavet i regi av N-ICE2015.

Det siste året i teneste hos oss hadde *Lance* 118 seenglingsdøgn, i tillegg til 19 seenglingsdøgn i utleige til Universitetssenteret på Svalbard, Universitetet i Tromsø og National Centre for Antarctic and Ocean Research (India).

På seinhausten 2017 vart *Lance* selt til aksjeselskapet Lance A/S, der driftsselskapet til fartøyet, Northshore A/S, er inne på eigarsida. *Lance* vert erstatta i 2018 av det meir moderne isgåande forskingsfartøyet *Kronprins Haakon*.

Toktet i Framstredet hausten 2017 vart eit av dei siste tokta med *Lance* mens det var eigd av NP før skipet vart selt seinare på hausten. Deltakarane kom frå Danmarks Tekniske Universitet, Universitetet i Edinburgh og NP./*The expedition to the Fram Strait in autumn 2017 was one of the last expeditions with Lance under the ownership of the NPI before the ship was sold later in the autumn. Participants came from Denmark's Technical University, the University of Edinburgh and the NPI.*

Foto/Photo: Paul Dodd, NP/NPI

FF *Kronprins Haakon* segla nordover

Noregs nye isgåande forskingsfartøy *Kronprins Haakon* vart sjøsett ved verftet Fincantieri i Italia i februar og var på sin første prøvetur for eiga maskin i juli. Deretter byrja sjøprøvene i regi av verftet. Desse var meinte å demonstrera at fartøyet har dei eigenskapane som er spesifiserte i byggjekontrakten. Dei fleste sjøprøvene vart fullførte i oktober.

I desember segla skipet nordover frå Italia, og på årets siste dag la det til hamn i Bergen. Dei neste månadene skal skipet gjennom ei rekke testar og utrusting før det vert overteke av Norsk Polarinstitutt.

Leveransen av fartøyet er derimot forseinka og venta gjennomført i løpet av våren/sommaren 2018.





Forskingsskipet *Kronprins Haakon* på ein testtur i Middehavet sommaren 2017./The research vessel *Kronprins Haakon* on a test trip in the Mediterranean in the summer of 2017. Foto/Photo: Øystein Mikelborg, NP/NPI

Det er store oppgåver som ligg føre det nye skipet. *Kronprins Haakon* skal overvaka miljø- og klimatilstanden i havområda i Arktis og Antarktis, og driva forsking og undervisning på ein trygg, miljøvennleg og føreseileg måte. Det første toktet er planlagt sommaren 2018, og deretter vil det gå slag i slag med nye tokt, nord og sør på kloden.

Det er Norsk Polarinstitutt som eig *Kronprins Haakon*, Havforskningsinstituttet driftar skipet og UiT – Noregs arktiske universitet er største brukaren. Tromsø er heimehamna.

Sverdrupstasjonen og Zeppelinobservatoriet

Norsk Polarinstitutt driv Sverdrupstasjonen og Zeppelinobservatoriet i Ny-Ålesund. Sverdrupstasjonen er vertskap for forskarar frå alle norske institusjonar og forskarar frå utanlandske institusjonar som ikkje har ein eigen stasjon i Ny-Ålesund. I 2017 hadde Sverdrupstasjonen totalt 2797 forskardøgn, som er ein auke på vel 20 prosent frå 2016 då stasjonen hadde 2319 forskardøgn. Forskarar frå Polarinstituttet stod for 982 av desse døgna, eller 35 prosent av totalen, noko som er ein monaleg auke frå 2016. Forskarar frå norske institusjonar (inklusive Polarinstituttet) gjennomførte 2286 forskardøgn, noko som utgjer om lag 82 prosent av det totale talet på forskingsdøgn ved Sverdrupstasjonen.

Polarinstituttet driftar måleseriar til 11 institusjonar (tre nasjonale og åtte internasjonale) på Zeppelinobservatoriet og 15 institusjonar (ni nasjonale og seks internasjonale) på og rundt Sverdrupstasjonen.

Logistikk i Arktis

I 2017 gav Norsk Polarinstitutt generell logistikkstøtte til 81 tokt og/eller forskningsprosjekt i Longyearbyen og Ny-Ålesund. Vi medverka med 120 båttransportar i Isfjorden og Kongsfjorden, i hovudsak transport av forskarar og islandsetjing på ulike lokasjoner. I løpet av året heldt vi 18 feltkurs med opplæring av 94 personar i høve til ferdsel, tryggleik og miljø (brekurs, skytekurs, førstehjelp, miljølovgjevinga m.m.). Det var til saman 196 vaktdøgn for personell og prosjekt i felt i Longyearbyen og Ny-Ålesund. I tillegg har vi hatt ekspedisjonsleiing og toktleiing, og organisering av helikopter-verksemada for diverse forskningsprosjekt med innleigde helikopter frå operatørar på fastlandet.

Den norske forskingsstasjonen Troll

Høgsesongen for verksemada på Trollstasjonen er knytt til «sørsommaren», perioden frå tidleg november til mars. Rapporteringa for kalenderåret 2017 vert delt i januar–mars 2017 og november–desember 2017, som i realiteten er to halve «sommarsesongar».

I 2017 medverka personellet på Troll til datainnsamling for FIMBUL-prosjektet som gjekk føre seg med hjelpe av ein Twin Otter. Vi utførte i tillegg logistikkstøtte og medverka med lagringshjelp til prosjekt frå både Sverige og Sør-Afrika. Personell på Troll hjelpte til i planlegging og gjennomføring av MADICE-prosjektet i Dronning Maud Land i samarbeid med det indiske antarktisprogrammet ICEBIRD, som mellom anna overvaker antarktispetrell ved Svarthammaren (bistasjonen Tor) aust for Troll. Torstasjonen vart òg oppgradert med betra fasilitetar for overnatting og forsking i 2017.

NILU gjennomførte som vanleg vedlikehald og kampanjar i januar–mars, og dette arbeidet fekk òg logistikkstøtte frå Troll.

Fartøylogistikk på Troll

Norsk Polarinstitutt har ei rammeavtale med Royal Arctic Line som driv fartøyet Mary Arctica. DROMSHIP er eit norsk initiativ der ein deler fartøy og kostnader for forsyning av stasjonar i Dronning Maud Land. Utanom frakt til Troll gjekk fartøyet òg til Neumayerstasjonen, og Alfred Wegener-instituttet og Norsk Polarinstitutt delte fartøykostnadene for dette toktet. Logistikk-toktet forsyner Troll med årlege forsyningar av proviant,



Troll flystripe./Troll Airfield. Foto/Photo: Sven Lidström, NP/NPI



Overvintrarane neste år møttest for første gongen i Tromsø i september. Dei seks er frå venstre:/Next year's overwinter team met for the first time in Tromsø in September. The six are (from the left): Tommy Skjeldnes Berre (forskingsteknikar/research technician), Dan-Rune Jensen (røyrelleggar og driftsteknikar/plumber and operating technician), Åge Brynjulfsen (mekanikar/mechanic), Geir Røssland (elektrikar/electrician), Kent Eivind Vorland (kokk/cook) og/and Johan Bondi (lege/doctor). Foto/Photo: Elin Vinje Jenssen, NP/NPI

drivstoff, forbruk og bygningsmateriale m.m. Totalt vart det frakta inn 630 tonn og 57 containarar, mens ut vart det frakta 38 tonn og 8 containarar i 2017. Troll flystripe

I 2017 gjennomførte vi fleire interkontinentale flygingar frå Oslo-Troll via Cape Town, der alle var relaterte til verksemda på Troll og forskingsstøtte nasjonalt og med andre nasjonale program. Fire ulike operatørar og flytypar vart leigde inn for føremålet, AADI registrert i Australia som opererer Airbus 319, Jetlite registrert i Finland med ein Falcon 7X, ASL registrert i Belgia med Boing 757 Combifreighter og ExecuJet registrert i Storbritannia med ein Bombardier Global express 6000. Den australiske flyoperatoren er underlagd antarktisprogrammet Australian Antarctic Division (AAD), og oppdraget for Norsk Polarinstitutt er basert på eit bilateral samarbeid mellom AAD og Polarinstituttet. Det vart frakta 197 passasjerar (ein veg) og 18,9 tonn inn via Troll Runway med flyfrakt organisert av instituttet.

I tillegg vart det utført omfattande vedlikehald av flystripa i 2017 av ei arbeidsgruppe for Troll Airfield. Desse hadde i forkant av utreise gjennomført flyplasskurs på Svalbard i september med hovudfokus på brann og flypassdrift. Det vart gjort innkjøp av ein bulldosar Cat D8 som primært skal brukast på flyplassen, og dessutan innkjøp av infrastruktur for å styrkja drift og tryggleik.

Drift av Troll

Overvintringsteamet på Troll, totalt seks personar, driv stasjonen og annan infrastruktur for forsking og KSAT frå mars til tidleg november. I sørssommarsesongen (november-mars) vert det fleire personar på Troll på grunn av gjestande forskarar, vedlikehald på infrastruktur og logistikkoppgåver. Det vil normalt vera 25-40 personar i høgsesongen. I periodar med stor trafikk på Troll, med personell i transitt og ved spesielle høve, kan det vera så mange som 80 personar som hospiterer på stasjonen. Forlegningskapasiteten auka i 2017 med 10 nye rom i form av bmodular på stasjonen. Det vart òg etablert 4-5 nye kontorpllassar for å gera arbeidskvarldagen betre for besetning og besøkjande. Totalt var det rundt 4200 overnattingsdøgn i sommarsesongen på Troll.

Klar for eitt år i Antarktis

Kvar haust møttest neste års overvintrarar på Troll til kurs og førebuingar i Tromsø og på Svalbard. Føremålet er å gjera seg klar til å drifta og bu i eit år på Trollstasjonen i Antarktis. Dei seks overvintrarane har kvar sine spesialfelt i botn som anten elektrikar, forskingsteknikar, kokk, lege, mekanikar eller røyrelleggar/driftsteknikar, men på Troll må dei òg trå til på ei rekke fellesoppgåver i teamet. Vatn skal skaffast, drivstoff fyllast, og utstyr og bygg må sikrast mot vêr og vind. Dei samlar òg inn prøver for forskarar, og ein del av desse prøvene er direkte knytte opp mot klimaforsking.

I september møttest dei nye overvintrarane i Tromsø for å få innføring om Polarinstituttet og om Troll. Deretter drog dei vidare til Svalbard på tre vekers teambygging og ulike kurs i felt og innandørs, mellom anna kurs i førstehjelp, opplæring i tryggleik og risikoførebygging, kurs i breferdsel, redningsøving og kurs i flyplassdrift. I november reiste dei til Troll. I åtte månader av opphaldet, gjennom den antarktiske vinteren frå mars til november, har overvintrarane berre kvarandre som selskap. Vêrtilhøva, kulda og lange avstandar gjer det vanskeleg å fly ut og inn frå Troll på vinterstid, og staden er derfor isolert frå omverda.

Alle overvintrarane har vore gjennom ein omfattande tilsetjingsprosess før dei fekk jobben. Ei rekke krav vert stilte til dei som skal arbeida på Troll, både med omsyn til helse og kompetanse. I 2017 var det nesten 170 personar som søkte seg som overvintrarar.

Markeringsar og hendingar

Ny direktør

I september tok Ole Arve Misund over arbeidet som direktør ved Norsk Polarinstitutt. Han erstatta dermed Jan-Gunnar Winther som var direktør ved instituttet frå 2005 til 2017. Misund kom frå stillinga som direktør for Nasjonalt institutt for ernærings- og sjømatforskning (NIFES) i Bergen. Han har bakgrunn frå ulike forskar- og leiarstillingar, mellom anna som forskingsdirektør ved Havforskingssinstituttet og administrerande direktør ved Universitetssenteret på Svalbard. Misund er utdanna cand.scient. og dr.philos. i fiskerbioologi frå Universitetet i Bergen. Då nyheten om kven som skulle verta den nye direktøren ved instituttet kom på våren, uttalte klima- og miljøminister Vidar Helgesen følgjande: «Med Ole Arve Misund får Polarinstituttet ein direktør med solid leiar- og forskarrøynsle, og med god kjennskap til polarområda. Han har evna til å vidareutvikla instituttet i ei tid der det skjer store endringar i klima og miljø i Arktis og Antarktis. Behovet for kunnskap er avgjeraande for forvaltninga av områda framover».



Koç med i utval om klimarisiko

Forskinsdirektør Nalân Koç vart i 2017 ein av sju medlemmer i det nyutnemnde utvalet for klimarisiko og tydinga for norsk økonomi. Det er Regjeringa som har sett ned eit ekspertutval som skal vurdera klimarelaterte risikofaktorar og tydinga for norsk økonomi. Utvalet vert leia av siviløkonom Martin Skancke.

Utstillingar

Klimautstillinga (vandreutstillinga) «On thin ice» i regi av N-ICE 2015-ekspedisjonen vart opna på det etnografiske museet i St. Petersburg, Russland, våren 2017, etterfølgd av eit seminar om vitskapelege ekspedisjonar i Arktis. Utstillinga har òg vore i Frankrike, Grønland og Island. Polarinstituttet var òg med å laga ei utstilling om plast i havet på Polaria.

Synlegheit i det offentlege rom

Norsk polarinstitutt vart i 2017 nemnt minst 1465 gonger i nasjonale media. Dette er ein auke i høve til 2016 og kjem av målretta arbeid overfor norske media året igjennom.

Det var spesielt problematikken plast i havet som fekk mykje merksemd i media i 2017, og tilsette ved Norsk Polarinstitutt har versert som kjelder, verta intervjua og skrive kronikkar i ei rekke medieoppslag knytte til temaet. Vi fekk òg mediemerksmed rundt andre tema som plantoplankton i Arktis, sjøfuglar i

Under Forskinsdagane i september inviterte vi gjester til ope bibliotek der dei fekk høyrar om blandt annet selar og utfordringar dei møter i eit varmare klima./During the Research Days in September, we invited guests to an open library where they could hear about seals and the challenges they are encountering due to the warmer climate. Foto/Photo: Elin Vinje Jenssen, NP/NPI

Arktis, isbreforskning i Antarktis og på Grønland, svalbardrein, fjellrev, isbjørn og det nye forskingsskipet *Kronprins Haakon*. På våre heimesider vart det i 2017 lansert nye temasider om det norsk-russiske miljøsamarbeidet og om plast i havet.

I løpet av året merkte vi auke i besøk og sidevisingar på heimesidene våre som kan hengja saman med strykta innsats og auka synlegheit i sosiale medium i 2017. Andre nettstader som instituttet driftar, er www.mosj.no, www.barentsportal.com og www.polarhistorie.no.

Under Forskinsdagane i september inviterte vi små og store til ope bibliotek der gjestane fekk høyrar om selar og utfordringar dei møter i takt med eit varmare globalt klima. Vi fortalte òg om plast i havet og korleis forureininga skader dyr og natur. I tillegg hadde vi aktivitetar som teikning, papirbretting, quiz og eventyrstund.

Opne føredrag og Polar bokcaf 

Gjennom året vart det jamleg arrangert Polar bokcaf  i biblioteket vårt, der vi inviterte gjestar til å fortelja om ei bok dei har lese som omhandlar polarområda. Foredraga var godt besøkte. Det vart òg heldt fleire opne popul rvitskapelege føredrag om fortrinnsvis polare tema p  fredagar i auditoriet p  Framsenteret, i tillegg til jamlege føredrag med forskingsrelevante tema p  m terommet Tre kroner, begge konsepta i regi av Polarinstituttet.

Biletsamling fr  Svalbard p  nett

Biletarkivet ved Norsk Polarinstitutt la ut ei stor samling av topografiske bilete fr  Svalbard p  nettet. Samlinga strekk seg fr  dei f rste norske Svalbard-ekspedisjonane i 1906 fram til 1939. Ein viktig del av historia til Svalbard kan lesast ut av biletene, som er interessante for framtidig forsking, som samanliknande biletgrunnlag for isbrear som har endra seg over tid, og for endring i vegetasjon.



Vandreutstillinga «On thin ice» vart opna på det etnografiske museet i St. Petersburg i vår./The travelling exhibition «On thin ice» opened at the Museum of Ethnography in St. Petersburg this spring. Foto/Photo: Ann Kristin Balto, NP/NPI

God kjønnsbalanse på alle nivå ved NP er eit av måla våre, og vi er godt i gang. I dag er cirka 40 prosent av dei tilsette kvinner, og fleire har leiarstillingar./A good gender balance at all levels of the NPI is one of our goals and we are well on our way. Today, 40 percent of our employees are women and several hold managerial positions.

Foto/Photo: Helge Markussen, Framsenteret/Fram Centre



Likestilling og diskriminering

Norsk Polarinstitutt laga ein plan for likestilling for perioden 2018–2021. Planen skal vera eit verkemiddel for å realisera strategiane og måla til instituttet, og han skal fremja eir organisasjonskultur og eit arbeidsmiljø som gjer kvinner og menn like høve. Polarinstituttet skal vera ein arbeidsplass der likestilling og likeverd er ein integrert del av verksemda på alle nivå.

Geologisk vandring i Ny-Ålesund

I samband med det geologiske feltarbeidet i nærområdet til forskingslandsbyen Ny-Ålesund i sommar arrangerte geolog Per Inge Myhre frå Polarinstituttet ein geologisk ekskursjon. Turen gjekk til Tverringvannet ved forskingslandsbyen, og deltakarane var bebuarar og gjestar i forskingslandsbyen. På veg til Tverringvannet fortalte Myhre om den geologiske historia til Kongsfjord-området, som startar med eit 2700 millionar år gammalt sandkorn, kontinentaldrift, ei gigantisk fjellkjede og samanstyrtinga av fjellkjeda. Til slutt fekk ekskursjonsdeltakarane sjå nokre av dei yngste bergartane på Svalbard: fossile trebitar, kull-lag og bøygde lag. Geologane Tamer Abu-Alam, Synnøve Ellevold og Katrine Husum, også dei frå Polarinstituttet, følgde med på ekskursjonen, som var eit avbrekk i ein elles hektisk feltperiode.



Miljøgiftforskar Heli Routti var ei av dei tilsette ved NP som i mai plukka søppel på ei strand utanfor Tromsø. /Employees from NPI picked up litter on a beach outside Tromsø in May. Environmental pollution researcher Heli Routti was one of those who took part. Foto/Photo: Elin Vinje Jenssen, NP/NPI



I samband med det geologiske feltarbeidet på Svalbard i sommar arrangerte geolog Per Inge Myhre frå NP ein geologisk ekskursjon i Ny-Ålesund for alle interesserte. Turen gjekk til Tverringvannet./In connection with the geological fieldwork in Svalbard this summer, geologist Per Inge Myhre from NPI arranged a geological excursion for all interested parties. The excursion was to Tverringvannet.

Foto/Photo: Katrine Husum, NP/NPI

Plukka søppel

Havsøppelproblematikken engasjerer breitt, òg på Polarinstituttet. I vår drog fleire titall tilsette frå ulike avdelingar til Otervika ved Sommarøy i Tromsø for å rydda strender. Vi fann mykje søppel! Alt frå tauverk til notrester, garnkuler og mykje anna. Søpla vart samla i sekkar som seinare vart henta av Tromsø kommune. Enorme mengder havsøppel vert skylt på land og vert liggjande i strandsona, og strandrydding medverkar til å fjerna noko av avfallet.

Tilgjengeleggjering av publikasjonar/ datasett

Ved utgangen av 2017 var det registrert 5500 publikasjonar og 334 datasett i [datasenteret](#) vårt. Det vart lagt til 164 nye publikasjonar i 2017, der 144 var fagfellevurderte publikasjonar.

Organisasjons- og strukturendringar

I 2016/2017 vart det gjennomført eit leiarutviklingsprogram ved Polarinstituttet med målsetting om å utvikla ei felles forståing av leiing i verksemda, og dessutan vidareutvikla kompetansen til den enkelte leiaren. Det vart òg oppretta ny seksjon i avdeling for operasjon og logistikk, med namn seksjon for teknisk støtte.



Polarnatt i Longyearbyen, Svalbard./Polar night in Longyearbyen, Svalbard. Foto/Photo: Siri Uldal, NP/NPI

«Svalbard frå lufta» – ei bildebok på kaffibordet

Av topograf Harald Faste Aas, Norsk Polarinstitutt

I juli 2008 starta den til no siste store omløpsfotograferinga på Svalbard. Målet med prosjektet var å utføre ei ny flyfotografering av heile øygruppa for å oppdatere eit aldrande kartgrunnlag. Ved hjelp av nye digitale flykamera fekk vi imponerande skarpe og detaljerte bilde som vi ønska å vise fram for publikum. Ideen om ei bildebok var sådd.

Kombinere dei nyaste og eldste bilda

Bokprosjektet kom i gang i 2016 og mykje av det første arbeidet gjekk ut på å plukke ut kva for bilde som skulle være med i boka. Hovudvekta skulle leggast på den nye fotograferinga frå 2008 til 2012, der bilda er fotografert vertikalt mot terrenget. Samtidig ønska vi at nokre av dei eldste bilda fotografert på skrå frå fly i 1936 og 1938 skulle få plass i boka fordi vi nyleg hadde skanna ferdig dei gamle seriane av negativar. Ved å kombinere dei nyaste og dei eldste bilda kunne vi gjere synleg nytteverdien av flyfotografi som historisk dokumentasjon. Nokre av flybildene er valt ut berre gjennom sin estetiske verdi, og har ikkje nokon informasjon knytt til seg. For å gi lesarane ei betre forståing av informasjonen i vertikalfotografiene, tok vi med bilde som var tatt på bakken eller frå helikopter av ulike fotografar. I nokre høve er det brukt bilde frå miljøovervakkingssatellittar fordi desse gjev veldig god oversikt over eit større område, og dei synleggjer fenomen som gjeld større geografiske område, som for eksempel havis.

Skildrande billedetekster

Boka har fått ei geografisk inndeling kor lesarane blir invitert med på ei «reise» frå Bjørnøya, nordover langs vestsida av Spitsbergen til Nordaustlandet og vidare sørover langs Kong



Karls Land, Barentsøya, Edgeøya, Tusenøyane og til slutt Hopen. Kvart oppslag har eit hovudbilde som det er tatt utgangspunkt i. Hovudbildet fyller som regel ei heil side, mens tilhøyrande side er sett saman av skildrande tekstar om den aktuelle lokaliteten som hovudbildet dekker. Vidare dreier tekstane seg om fagtema knytt til bilda: breforskning, geologi og vegetasjon, dyreliv som sjøfugl, sel og kvalross, samt kulturminne, terrenghetsitasje og anna menneskeleg påverking. Boka inneheld òg eit innleitande kapittel med fokus på flyfotograferingas historie på Svalbard, samt korleis bilda er brukt i topografisk kartlegging, forvalting av artar og anna kultur- og miljøforvalting.

Ei bok for dei som er oppteken av Arktis

Tekstane i boka er skrivne av fagfolk både i og utanfor Norsk Polarinstitutt, med spisskompetanse innanfor sitt område. All tekst er skiven både på norsk og engelsk. Resultatet er ei bok som kan interessere alle som er opptekne av Svalbard og Arktis. Både turisten, geologen, historikaren, kunstnaren, og ikkje minst lokalbefolkinga på Svalbard vil finne godbitar i boka. Det er ei visuell bok kor ein kan slå opp på kva side det måtte høve seg, og boka egner seg godt på kaffibordet til ein kvar svalbardentusiast.




Russisk kull på Colesbukta

Kullfondet starta eit 10-årsverk i 1911 etter kontraktsavtale med Arkhangelsk gruveforening. Frå 1911 starta også eksporten av kull til Storbritannia. På grunn av økende hærverk i Sibiria blei det lagt ein 40-cm rørtransport linje for transport av kull til utskipningsstedet i Colesbukta. Anlegget blei nedlagt og kullet i 1962. Etter år 2000 har det i stader vore etterspørsel om grønntalig kullgruvevirksomhet, denne gangen på Kongsfjorden ved Colesbukta.

Russian coal on a narrow gauge railway

Coal mining began in Colesbukta just after the World War I. The Arkhangelsk coal company built a 40-cm narrow gauge railway for transport to the export port in Colesbukta. The mine was closed and abandoned in 1962. Since 2000, there have been plans to resume mining. The mine aimed at coal deposits near Colesbukta.



Svalbard frå lufta er ei visuell bok kor både turisten, geologen, historikaren, kunstnaren, og ikkje minst lokalbefolkinga på Svalbard vil finne godbitar. Grafiker Jan Roald laga hovedlayouten inni boka, medan topografane Anders Skoglund og Harald Faste Aas har arbeidd med ferdiggjøringa av boka./*Svalbard from above* is a visual book full of bits for tourists, geologists, historians, artists and, not least, Svalbard's local population. Graphic designer Jan Roald has made the main layout inside the book, while topographers Anders Skoglund and Harald Faste Aas have worked on the completion of the book.

Artiklar Articles

Svalbard from above – a coffee table photo-book

By topographer Harald Faste Aas, Norwegian Polar Institute

In July 2008, the biggest (and until now, the last) periodic photography project in Svalbard began. The aim of the project was to carry out new aerial photographing of the archipelago to update an aging set of basic map data. Using new digital aerial cameras, we took impressively sharp and detailed images that we wanted to show the public. The photo-book idea was born.

Newest and oldest images combined

